




Kartlegging og verdisetting av

# Naturtypar i Austrheim



Austrheim kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2003



Kartlegging og verdisetting av

# Naturtypar i Austrheim

Austrheim kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2003

MVA-rapport 1/2003

---

**Foto på framsida** frå toppen (Foto: Bjørn Moe):

- 1) Røsslynghei på Krossøy, 2) selsnepe, 3) strand ved Grønevikane, 4) brakkvassområde ved Teindalen, 5) fagerperikum.



<b>Ansvarlege institusjonar og finansiering:</b> Austrheim kommune og Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern-avdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 1-2003
<b>Tittel:</b> Kartlegging og verdisetjing av naturtypar i Austrheim.	<b>ISBN:</b> 82-8060-008-6 <b>ISSN:</b> 0804-6387
<b>Forfattar:</b> Bjørn Moe	<b>Tal sider:</b> 86
<b>Kommunalt prosjektansvarleg:</b> Hans Jakob Låstad Lygre	<b>Dato:</b> 22.01.2003
<p><b>Samandrag:</b> Rapporten er i basert på eige feltarbeid i Austrheim kommune i 2001 og 2002.</p> <p>Kartlegginga følgjer metoden skildra i DN-handbok 13 (1999). Det er registrert til saman 47 lokalitetar som er prioritert etter ein tredelt skala: A - svært viktige (4 lokalitetar: Lyngoksen, Krossøy, Solevatnet og Leirvågsanden), B - viktige (15 lokalitetar) og C - lokalt viktige (28 lokalitetar). Det er laga et faktaark for kvar lokalitet med omtale, registrerte og karakteristiske arter, truslar mm.</p> <p>Det utarbeidd ein oversikt over alle registrerte karplantar og frekvens på dei ulike naturtypane (Vedlegg 1). Dei undersøkte områda er digitaliserte og avgrensa på kart.</p> <p>Av dei 56 naturtypane i DN-handbok 13 er det i dette arbeidet registrert 16 typar (oversikt i Tabell 1).</p>	
<p><b>Referanse:</b> Moe, B. 2003. Kartlegging og verdisetjing av naturtypar i Austrheim. - Austrheim kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 1-2003: 1-86.</p>	
<p><b>Emneord:</b> Biologi, botanikk, naturtypar, raudlisteartar, karplantar, lav</p>	
Austrheim kommune 5943 Austrheim  Tlf: 56 16 20 00 Fax: 56 16 20 01  <a href="http://www.austrheim.kommune.no">www.austrheim.kommune.no</a>	Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernnavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen  Tlf: 55 57 22 00 Fax: 55 57 22 01  <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a> <a href="http://www.miljostatus.no/hordaland">www.miljostatus.no/hordaland</a>



## **FORORD**

Miljøvernmyndighetene har hatt som målsetting at alle kommunar i Noreg skal kartlegge og verdisette det biologiske mangfaldet på sitt areal innan år 2003. Som eit ledd i dette arbeidet er viktige naturtypar i Austrheim kartlagt og omtala i denne rapporten.

Austrheim har inngått eit samarbeid med Fedje og Masfjorden kommunar, og underteikna har utført arbeidet i alle desse kommunane. Kommunane har oppretta ei styringsgruppe som har gitt innspel og hjelp undervegs i arbeidet. Eit større møte vart halde i Austrheim i august 2002. På dette møtet deltok m.a. Stein Byrkjeland som har gjennomført viltkartlegging i dei tre kommunane. Vi har samarbeidd under prosjektet, og vore saman om litt av felterbeidet.

Arbeidet byggjer på felterbeid i 2001 og 2002. Mest mogleg av kommunen sine naturområde er forsøkt dekka med eigen feltinnsats. Det er brukt to dagar til synfaring med båt i skjærgården. Store Stonga og dei mindre øyane rundt måtte droppast på grunn av dårlig ver.

Den innleiande delen av rapporten seier litt om bakgrunnen for prosjektet og er i hovudsak skreven av Olav Overvoll ved Fylkesmannen i Hordaland. Han har også stått for digitalisering og utforming av karta i rapporten.

Januar 2003

Bjørn Moe



## INNHOLD

<b>FORORD .....</b>	<b>5</b>
<b>INNHOLD.....</b>	<b>7</b>
<b>INNLEIING.....</b>	<b>9</b>
Kva er biologisk mangfald? .....	9
Bakgrunnen for kartlegging av biologisk mangfald .....	9
Kvifor ta vare på biologisk mangfald? .....	10
<b>FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD.....</b>	<b>11</b>
Kva skal kartleggjast?.....	11
Kartframstilling.....	11
Kven har tilgang til kartdata? .....	11
Oppdatering og revisjon av kart over biologisk mangfald .....	11
<b>NATURGRUNNLAGET I AUSTRHEIM.....</b>	<b>12</b>
Geologi, landskap og klima.....	12
<b>NATURTYPAR.....</b>	<b>14</b>
Generelt.....	14
Naturtypar i Austrheim.....	15
Myr (A).....	19
Rasmark, berg og kantkratt (B) .....	20
Kulturlandskap (D).....	20
Ferskvatn/våtmark (E) .....	22
Skog (F).....	24
Kyst og havstrand (G) .....	26
<b>RAUDLISTEARTAR.....</b>	<b>28</b>
Karplantar .....	29
Mosar.....	29
Sopp.....	29
Lav.....	29
<b>LITTERATUR .....</b>	<b>30</b>
<b>FAKTAARK.....</b>	<b>33</b>
<b>ARTSLISTE KARPLANTAR .....</b>	<b>81</b>



## INNLEIING

### KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?

Biologisk mangfald er variasjonen av livsformer, livsformene sitt arvestoff og samspelet som desse organismane er ein del av. Ein snakkar altså om variasjon på tre nivå: Økosystem, artar og gener.

Dei ulike artane er avhengige av bestemte økosystem for å kunne eksistere. Eit økosystem kan definerast som ei samling plantar og dyr som lever i eit samspel med kvarandre under gitte fysiske og kjemiske forhold. Naturtypane i denne rapporten er døme på ulike økosystem. Det å sikre eit størst mogleg mangfald i økosystem er den beste måten å sikre artsmangfaldet på, fordi ein på denne måten tar vare på ulike artar sine leveområde. Å ta vare på tilstrekkeleg mange einingar av kvar naturtype er viktig med tanke på genetisk variasjon. Genetisk variasjon er variasjonen i arveeigenskapar innan ein art. Genetisk variasjon sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold og er viktig for artane si evne til å overleve på lang sikt.

### BAKGRUNNEN FOR KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD

I 1993 underteknna Noreg Riokonvensjonen. Dette er ein internasjonal avtale som forpliktar alle land å kjenne til og ivareta det biologiske mangfaldet innan landet sine grenser. Bakgrunnen for ein slik internasjonal avtale er at areala av ulike naturtypar, som ei følgje av ulike former for menneskeleg aktivitet, blir redusert i raskt tempo. På grunn av reduserte leveområde har fleire plante- og dyreartar gått kraftig tilbake, og utbreiinga til mange artar er truga av utrydding dersom dei negative faktorane fortsetter å virke. Ved sidan av introduksjon av framande artar, blir øydelegging av leveområda rekna som det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet globalt i dag.

Sjølv om vi i Noreg har mykje natur, blir også våre naturområde i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Dette gjeld i særleg grad produktive område under skoggrensa, og det er her ein finn den største variasjonen når det gjeld biologisk mangfald. Utbygging av bustadhús, fritidshus, næringsverksemder og infrastruktur utgjer eit stadig større press på desse areala.

I tråd med avtalar gjennom Riokonvensjonen vart det i Stortingsmelding 58 (1996-97) ”Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling” uttrykt ei politisk målsetjing om at alle landets kommunar skal ha gjennomført kartlegging og verdiklassifisering av det biologiske mangfaldet på kommunens areal i løpet av år 2003. Som ei oppfølging av dette gav Direktoratet for naturforvaltning i 1999 ut ei handbok i kartlegging av naturtypar og verdisetjing av biologisk mangfald (DN-håndbok 13-1999), for å sikre at kartleggingsarbeidet i størst mogleg grad blir samanliknbart over kommunegrensene.

Lokalt er det kommunane som må innarbeide omsyn til biologisk mangfald i kommuneplanen. Men kunnskapsgrunnlaget om lokalt biologisk mangfald er tilfeldig og stort sett altfor dårlig. For å kunne ta dei naudsynte omsyn til biologisk mangfald lokalt, må lokale naturverdiar kartfestast. Deretter må dei på forsvarleg vis bli integrerte i det lokale planarbeidet. Ved ei god oversikt over dei mest verdfulle naturområda i kommunen, langsiktig planlegging og aktiv bruk av verkemidla i Plan- og bygningslova, kan kommunen redusere konfliktane mellom bruk og vern av areal og styre utviklinga i større grad enn i dag. Karta over viktige natur-

område vil vere eit viktig bidrag til å kunne utføre ei meir presis og prediktabel arealforvalting i kommunen.

Data frå kartlegginga vil òg inngå i regional- og nasjonal miljøstatistikk og danne grunnlag for handlingsplanar og tiltak på regionalt- og nasjonalt nivå. Ikkje minst er det eit ønskje at kartlegginga skal medverke til å auke interesse og kunnskap om naturen blant kommunen sine innbyggjarar. Det er difor ønskjeleg at rapport og kart blir gjort tilgjengeleg for skular, frivillige organisasjonar og andre naturinteresserte.

## KVIFOR TA VARE PÅ BIOLOGISK MANGFALD?

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her mykje av den praktiske forvaltninga finn stad. Riokonvensjonen eller Biodiversitetskonvensjonen (1993) er den avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan, fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen er ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

Grunnane til at vern av biologisk mangfald har blitt gjenstand for både nasjonale lovverk og internasjonale avtalar er mange, men dei fleste er bygde på erkjenninga at vi sjølv er ein del av naturen og er heilt avhengige av naturprodukt for å overleve. Grovt sett kan argumenta delast inn i tre hovudgrupper:

Økonomiske-/materielle argument: Mennesket er ein del av naturen, og det å ta vare på flest moglege naturmiljø sikrar vår eigen eksistens og velstand. Mat, medisinar, brensel, byggemateriale osv. er i utgangspunktet naturprodukt. Sjølv om ikkje alle organismar ser ut til å vere like nyttige, representerer dei ein potensiell verdi som kan tenkjast å bli viktig i framtida. Vi har framleis manglande kunnskap om mange sider ved samspelet organismane i mellom, noko som gjer det fornuftig å ha ei føre var haldning. Genetisk variasjon er viktig fordi det sikrar dei ulike organismane si tilpassingsevne til endra miljøforhold. Menneska har direkte nytte av genetisk variasjon t.d. når det gjeld planteforedling, husdyravl og motarbeiding av sjukdommar.

Kulturelle-/estetiske argument: Aktivitetar som jakt/fangst og sinking har lange tradisjonar, og sjølv om vi ikkje lever like nært naturen i dag, er slike aktivitetar for mange ein viktig trivselsfaktor. For mange er naturen ei kjelde til rike naturopplevingar også utan dei tradisjonelle aktivitetane med direkte unyttig av naturressursar. Særinteressene er mange, som t.d. mosjon, fotografering og fuglekikking, men for mange er eit biologisk mangfald også ei kjelde til rikare naturoppleving.

Etiske-/moralske argument: ”Alle levande organismar har den same retten til liv, uavhengig av om dei synes til nytte eller skade for mennesket.” Mennesket er den einaste dyrearten som med fullt medvit kan utrydde andre artar. Dette gir oss eit særskilt ansvar. I eit evolusjonsmessig perspektiv er mennesket dessutan ein svært ”ung” art. Vi har òg eit ansvar i forhold til framtidige generasjonar sine behov for naturbruk og naturopplevingar.

## **FRAMSTILLING OG BRUK AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD**

### **KVA SKAL KARTLEGGJAST?**

Metoden for kartlegging og verdisetjing av biologisk mangfald er nærmare skildra i ulike handbøker utgjevne av Direktoratet for naturforvaltning. I korte trekk går denne kartlegginga ut på å plukke ut og kartfeste område som er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Det er eit mål å få god oversikt over følgjande tema:

- Viktige naturtypar (DN-handbok 13-1999)
- Viktige område for viltet (DN-handbok 11-1996, revidert internettutgåve 2001)
- Viktige ferskvasslokalitetar (DN-handbok 15-2001, berre internettutgåve)
- Viktige marine område (DN-handbok 19-2001)
- Førekomst av raudlisteartar (DN-rapport 1999-3)

Denne rapporten konsentrerer seg først og fremst om naturtypar, i tillegg har Austrheim kommune gjennomført viltkartlegging. På sikt vonar ein å få god oversikt over alle tema nemnt ovanfor.

### **KARTFRAMSTILLING**

Direktoratet for naturforvaltning har gitt ut ein rettleiar for framstilling av kart over biologisk mangfald (DN 2000). Metoden går i korte trekk ut på å synleggjere område med stor biologisk verdi ved å slå saman alle opplysningar om biologisk mangfald i kommunen (naturtypar, viltområde, ferskvatn, marine område og raudlisteartar). Fordi alle områda er digitaliserte kan kommunen etter ønskje og behov utarbeide eigne kart for dei ulike tema.

### **KVEN HAR TILGANG TIL KARTDATA?**

Karta over biologisk mangfald er først og fremst meint å vere ein reidskap til bruk i kommunal planlegging. Kommunen har difor tilgang til og råderett over alle datasett som har med biologisk mangfald å gjere. Det same har Fylkesmannen si miljøvernavdeling og Direktoratet for naturforvaltning, som har gitt økonomisk stønad og faglege råd i kartleggingsarbeidet. Det er òg eit ønskje at den enkelte grunneigar skal ta omsyn til biologisk mangfald på sin grunn. Grunneigarar bør difor informerast og få tilgang til relevante kart dersom han/ho har område med stor biologisk verdi på sin grunn. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i undervisninga, og relevante interesseorganisasjonar kan gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til revisjonar og endringar.

### **OPPDATERING OG REVISJON AV KART OVER BIOLOGISK MANGFALD**

Ei kartlegging av det biologiske mangfaldet kan aldri bli endeleg. Naturen er i stadig endring, både naturleg ved suksjon, og ved menneskeleg påverknad ved endra arealbruk og tekniske inngrep. Dessutan aukar kunnskapsgrunnlaget om biologisk mangfald stadig. For å fange opp endringar og tilføre ny kunnskap er det difor viktig at karta blir oppdaterte. Ein hovudrevisjon kvart fjerde år, i samband med revisjon av kommuneplanen, kan vere ei fornuftig framdrift i forhold til oppdatering. Det vil likevel vere ønskjeleg at endringar og nye opplysningar blir oppdaterte fortløpande.

## NATURGRUNNLAGET I AUSTRHEIM

### GEOLOGI, LANDSKAP OG KLIMA

Austrheim ligg lengst nordvest i Hordaland. Kommunen er først og fremst eit øyrike, men fastlandet strekkjer seg så langt ut mot havet at Vardetangen dannar den vestlegaste pynten på Noreg sitt fastland. Vardetangen og resten av den austlege delen av kommunen mellom Fonnesstraumen og Leirvåg ligg heilt nordvest på Lindåshalvøya.

Skjergarden i vest består av ei lang rekkje øyar og små holmar. Dei tilhører strandflata og er karakterisert av eit flatt landskap. Sjøen mellom øyane er også grunn. Heile kommunen utgjer eit lågliggjande landområde, der Littleåsfjellet (109 m o.h.) lengst i aust, er det høgaste punktet. Det flate landskapet er forma av iserosjon, og mykje av landet har lege under havnivå ved slutten av istida. Marin grense, dvs. det høgste nivået havet nådde, er 30-35 moh. Område under marin grense utgjer ein stor del av landarealet i Austrheim. Leira og morenemassane steig opp av havet då desse områda vart tørt land etter istida. Den flate og leirrike jorda hindra god drenering, og dette er ein viktig årsak til dei store myrområda i kommunen.

Berggrunnen i Austrheim tilhører den nordlegaste delen av Bergensbogane. I vest vert desse kutta av ei forkasting midt i Hjeltefjorden, og den skil Bergensbogane frå grunnfjellet på Fedje og i Øygarden. I aust er det ei forkasting i Fensfjorden som på same vis skil berga i Austrheim frå grunnfjellet i Masfjorden. Heile skjergarden i kommunen er dominert av anortositt, som er ein bergart med lite plantenæringsstoff. Heller ikkje dei ulike gneisane i resten av Austrheim gjev grunnlag for noko rik vegetasjon. Jorda næringsfattig og grunnlendt, spesielt der det er lite lausmassar. Men vekstforholda er mykje betre der det er morenejord med leire og sand, og det er i desse områda vi finn den beste dyrkingsjorda.

Det er som nemnt forholdsvis mykje torvjord i kommunen. Fleire store myrar set sitt preg på det flate landskapet. Myrane utgjer, i ein mosaikk saman med lyngheia, eit ope landskap. Frå myrane har det opp gjennom tidene vorte spadd ut store mengder torv til brensel, noko som også kan ha gjort at det er har kome fram mykje fjell i dagen, spesielt på øyane.

Det opne kulturlandskapet som har karakterisert Austrheim i fleire tusen år, er i sterk endring. Omlegging av jordbruksareal med mindre lyngbrenning og færre husdyr i utmarka, gjer at buskar og trær veks fram. Bjørk, rogn og furu er i frammarsj nesten over alt (Figur 8 og 9). Sitkagran, som vart planta i mange felt i 1960-åra, er blitt til høge tre og tett skog (Figur 2).

Klimaet i Austrheim er utprega oseanisk, med relativt milde vintrar der middeltemperaturen for januar er rundt 1 °C. For den varmaste månaden, juli, er temperaturen rundt 14 °C. Havet jamnar ut temperaturen i lufta gjennom skiftande årstider. Havvatnet vert varma opp om våren og forsommaren, og som eit stort magasin held det lenge på varmen utover hausten og vinteren. Dette reduserar risikoen for tidleg nattefrost om hausten. Vekstssesongen blir dermed lang, noko som er ein god kompensasjon for at han ikkje er særleg varm. Årsnedbøren er mellom 1500 og 1700 millimeter fordelt på 200 nedbørsdagar i året.

Kystklimaet reflekterast i plantelivet. I floraen finn vi artar som ikkje tåler streng kulde om vinteren, og dei tilhører kystfloraen sidan dei berre veks i eit belte ytst langs kysten (jfr. Fægri 1960). Blant slike artar finn vi for eksempel kusymre, purpurlyng, heistorr og hinnebregne. Desse artane veks best i den vestlege skjergarden, men mange kystplantar også i aust, indikerer at kystfloraen famnar over heile kommunen (Figur 1).



**Figur 1.** Kystplantar i Austrheim. Vestlandsvikke (t.v.) er berre funnen på Bakkøyna. Heistarr (midten) er ein høgreist plante som er vanleg i lyngheia. Loppestarr (t.h.) veks helst i rike sig og på rikmyr og er ein sjeldan plante i Austrheim.



**Figur 2.** Sitkagrana set eit markert preg på landskapet i Austrheim. Trea har vorte høge og utgjer tettvaksne skogar etter ei omfattande planting på 1960-talet. Sitkagrana produserer store mengder kongler, noko som fører til at ho spreier seg i utmarka.

## NATURYPAR

### GENEREKT

Direktoratet for naturforvaltning har definert 56 naturypar på landsbasis som blir rekna som spesielt viktige for biologisk mangfald (DN-handbok 13, 1999). Naturtypane som er valt ut har element av både vegetasjon, zoologi, geologi, kulturpåverknad og landskap og er eit slags felles multiplum for å fange opp alle viktige variasjonar på økosystemnivå.

Kriterium som er brukt ved utveljinga av kva naturypar som skal kartleggast:

- Førekomst av raudlisteartar, dvs. artar som på ein eller anna måte er truga, ofte ved at habitat/leveområdet blir øydelagt.
- Kontinuitetsområde, dvs. område som har hatt stabile økologiske forhold over lang tid, t.d. urskog/gammalskog og gamle, ugjødsla beite- og slåttemarker.
- Sjeldne naturypar. Dette gjeld naturypar som er sjeldne på landsbasis. I nokre kommunar kan ein naturtype som er sjeldan på landsbasis vere nokså utbreidd og vanleg. I slike tilfelle bør ein skilje ut dei viktigaste områda. På kommunenivå er det likevel også viktig å få registrert naturypar som er sjeldne lokalt, sjølv om dei kan vere vanlege andre stader i fylket.
- Viktig biologisk funksjon. Dette gjeld ofte område som isolert sett kan virke nokså ordinære, men på grunn av plassering i landskapet har ein nøkkelfunksjon for ein eller fleire artar. Døme på dette er bekkar og kantskog gjennom større, einsarta åkerlandskap som fungerer som refugier og spreingskorridorar.
- Spesielle artar og samfunn. Ein del naturypar er sterkt prega av spesielle økologiske forhold. Ikkje nødvendigvis artsrike lokalitetar, men området kan innehalde artar som er sterkt spesialiserte. Døme på slike naturypar er fossesprøytoner, brannfelt og kjelder.
- Høg biologisk produksjon. Naturypar med høg biologisk produksjon som følgje av høg tilførsel og omsetjing av organisk materiale. Sjølv om slike område ikkje treng vere spesielt artsrike, har dei ofte høg tettleik av individ. Flaummarkskogar og sumpskog langs vassdrag, som kan ha svært høge tettleikar av sporvefugl, er eit typisk døme på dette.
- Sterk tilbakegang. Endra teknologi og arealbruk har ført til at enkelte naturypar har blitt sjeldnare. Døme: Beite- og slåttemarker, skogsbeite, elvedelta og gammalskog/urskog.

Alle område med dei ulike naturtypane er ikkje alltid like viktige. Det er t.d. forvaltingsmessig problematisk å kartlegge alle førekomstar av ein gitt naturtype i kommunar der denne naturtypen dekkjer store areal. Ein nyttar difor eit sett kriterium for å plukke ut dei viktigaste områda. Desse kriteria er:

- Området sin storleik (areal)
- Grad av tekniske inngrep
- Førekomst av raudlisteartar
- Kontinuitetspreg
- Sjeldne utformingar (nasjonalt og regionalt)

Kriteria ovanfor er òg nytta ved verdisetjing av kartlagde område. Følgjande skala er nytta ved verdisetjinga:

- Svært viktig - A
- Viktig - B
- Lokalt viktig - C

## NATURYPAR I AUSTRHEIM

Omlag 50 av dei definerte naturypene i DN-handboka er representerte i Hordaland. I denne rapporten frå Austrheim er det registrert 16 naturypar. Dei er fordelt på seks av hovudtypane (kalkrike område i høgfjellet er naturlig nok ikkje representert). I det følgjande blir det gitt ein kort omtale av dei ulike hovudnaturypene. For ei breiare og meir detaljert skildring av hovudnaturypene viser ein til Fremstad (1997) og DN (1999). I Tabell 1 går det fram kor mange lokalitetar naturtypen er registrert på.

**Tabell 1.** Registrerte og kartfesta naturypar i Austrheim.

Hovudtype	Undertype	Antal
Myr (A)	Intakt lavlandsmyr (A01) Intakt høgmyr (A02) Terrengdekkande myr (A03) Rikmyr (A05) Kjelde og kjeldebekk (A06)	3 1 3
Rasmark, berg og kantkratt (B)	Sørverndt berg og rasmark (B01) Kantkratt (B02)	1
Fjell (C)	Kalkrike område i fjellet (C01)	
Kulturlandskap (D)	Slåtteenger (D01) Slåttemyr (D02) Artsrike veikantar (D03) Naturbeitemark (D04) Hagemark (D05) Skogsbeiter (D06) Kystlynghei (D07) Kalkrike enger (D08) Fuktenger (D09) Småbiotopar (D11) Store gamle tre (D12) Parklandskap (D13) Erstatningsbiotopar (D14) Skrotemark (D15) Grotter/gruver (D16)	3 10 3
Ferskvann/våtmark (E)	Deltaområde (E01) Mudderbankar (E02) Kroksjør og meandrerande elv (E03) Større elveører (E04) Fossesprøytsoner (E05) Viktige bekkedrag (E06) Kalksjør (E07) Rike kulturlandskapssjør (E08) Dammar (E09) Naturlig fisketomme innsjørar/tjern (E10)	3 2 9
Skog (F)	Rik edellauvskog (F01) Gammal edellauvskog (F02) Kalkskog (F03) Bjørkeskog med høgstauder (F04) Gråor-heggeskog (F05) Rikare sumpskog (F06) Gammal lauvskog (F07) Urskog/gammalskog (F08) Bekkeklofter (F09) Brannfelt (F10) Kystfuruskog (F12)	3 1
Havstrand/kyst (G)	Grunne straumar (G01) Sandstrand (G04) Strandeng og strandsump (G05) Tangvollar (G06) Brakkvassdelta (G07) Brakkvasspollar (G08) Kalkrike strandberg (G09)	2 10 2 5

**Tabell 2.** Registrerte og kartfesta naturtypelokalitetar i Austrheim (sjå kart Figur 13).

Lokalitet	Namn	Naturtype: undertype	Verdi
1	Sauøyna, Skageøyna og Kuøyna	Kystlynghei (D07), Strandeng og strandsump (G05)	C
2	Lyngoksen	Terrengdekkande myr (A03), Kystlynghei (D07)	A
3	Steinsøyna	Kystlynghei (D07)	C
4	Nautøyna	Kystlynghei (D07)	C
5	Krossøyna	Kystlynghei (D07), Rikmyr (A05), Strandsump (G05)	A
6	Baløyna	Kystlynghei (D07)	B
7	Nordre Sævrøyna	Strandeng og strandsump (G05)	C
8	Sævrøyna	Kystlynghei (D07), Intakt lavlandsmyr (A01)	B
9	Børilden	Kystlynghei (D07), Strandeng og strandsump (G05)	B
10	Børildvågen	Naturbeitemark (D04), Strandeng (G05)	B
11	Nordre Øksnesvågen	Strandeng (G05)	C
12	Søre Øksnesvågen	Brakkvasspoll (G08)	C
13	Teindalen	Brakkvasspoll (G08), Brakkvannsdelta (G07)	B
14	Austevågen	Brakkvasspoll (G08), Rikmyr (A05)	C
15	Hammarsvatnet	Rikmyr (A05)	C
16	Ulvikevatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08)	C
17	Dyrneset	Sorvendt berg (B01)	C
18	Austre Lerøyna	Gammal lauvskog (F07)	C
19	Lerøyna	Naturbeitemark (D04)	C
20	Åsetjørna	Rik kulturlandskapssjø (E08)	C
21	Førlandsvatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08), Viktig bekdedrag (E06)	C
22	Lindåsvatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08)	B
23	Solevatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08), Mudderbank (E02)	A
24	Åråsvatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08)	C
25	Årås	Brannfelt (F10)	C
26	Vaulen	Brakkvasspoll (G08)	B
27	Setevika	Brakkvasspoll (G08)	C
28	Ved Alisholmen	Strandeng (G05)	B
29	Aust for Vardetangen	Strandeng (G05)	B
30	Kvernhusvika	Viktig bekdedrag (E06)	B
31	Purkebolsvatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08), Mudderbank (E02)	B
32	Klebakvatnet	Rik kulturlandskapssjø (E08)	C
33	Altersvatnet	Mudderbank (E02)	C
34	Vestretjørna	Rik kulturlandskapssjø (E08)	B
35	Søre Straumhaugen	Småbiotop (D11)	B
36	Vågen	Strandsump (G05)	C
37	Austre Vågen	Gammal lauvskog (F07)	C
38	Vågen ved brua	Småbiotop (D11)	C
39	Synnevågen	Gammal lauvskog (F07)	C
40	Bakkøyna	Intakt lavlandsmyr (A01), Kystlynghei (D07)	C
41	Hellhaugen	Småbiotop (D11)	C
42	Vestre Grønevikane	Sandstrand (G04)	C
43	Austre Grønevikane	Sandstrand (G04)	C
44	Leirvågsanden	Strandeng og strandsump (G05), Brakkvannsdelta, estuarie (G07)	A
45	Dyrøyna	Naturbeitemark (D04)	B
46	Søre Leirvågsanden	Kystlynghei (D07)	C
47	Litlåsdalen	Intakt lavlandsmyr (A01)	B

For å få ei oversikt over fordeling av artar på dei ulike naturtypane, er det blitt laga ei liste over dei registrerte karplantane i Austrheim (Vedlegg 1), der artane sin frekvens på dei ulike naturtypane er angitt. I denne lista er det også teke med artar som vart funne utanom lokalitetane som det er laga faktaark for. Det er likevel ikkje ei komplett liste over karplantefloraen i Austrheim.





## **Myr (A)**

Myr er eit økosystem med høg grunnvasstand som blir danna der klimaet er relativt kjølig og nedbøren høgare enn fordampinga. I heile fylket er dei klimatiske føresetnadene for å få danna myr gode. Der jorda er metta med vatn vert det mangel på oksygen, og nedbrytinga av daudt organisk materiale stoppar heilt eller delvis opp. Derfor skjer det ei opphoping av planterestane, og det blir danna ei organisk jord, eller torv.

Det finst fleire måtar å klassifisere myr på; m.a. etter korleis dei har blitt danna, hydrologi, utforming og vegetasjon (Fremstad 1997, Moen 1998, DN 1999). Myrane har både direkte og indirekte verknad på biologisk mangfald. Mange artar er direkte knytt til myr som voksestad eller leveområde, og myrane har dessutan ein viktig funksjon som vassmagasin og naturlege reinseanlegg.

Myr kan bli danna på mange ulike måtar. I Austrheim er det blitt danna mykje myr fordi landskapet er forholdsvis flatt med det resultat at vatnet ikkje renn unna. Spesielt der det er dårlig drenert morenejord med mykje leire, er grunnlaget for myrdanning ekstra gode. Torva har bygd seg opp i tjukke lag, gjerne med ei overflate som er dominert av tuer som er halvmetren høge, eller sjeldnare opp til eit par meter. Store myrer har breidd seg utover og til slutt dekt betydelege areal i kommunen. Med unntak av Fedje er det ingen andre kommunar i Hordaland der landskapet er så prega av myr som i Austrheim (Figur 3). Jamvel der terrenget ikkje er flatt, har torva breidd seg oppetter skråningar, og det har blitt danna terregndekkjande myr. Som namnet seier er dette myr der torva jamnar ut det småkuperte terrenget.

Myrlandskapet i Austrheim har ei historie på ca. 4000 år. På den tida byrja dei første bøndene å hogge skogen for å få betre beitemarker til husdyra. Fordi det ikkje lenger var tre som kunne suge opp store mengder vatn frå jorda, auka torvdanninga. Dermed kunne myrane breie om seg her ute ved havet kor det er høg luftfukt, mange nedbørsdagar og relativt kjølige somrar. Men myrene hadde ei større utbreiing tidlegare. Fordi bøndene ikkje hadde tilgang til ved, måtte dei bruke torva til brensel. Difor vart det skåre mykje torv, noko vi ser spora etter i dag i dei fleste myrane. Etter at torva er fjerna, står det nakne og grå fjellet att mange stader. Vi kan sjå det best ute på øyane, for eksempel på Krossøyna og fleire andre stader.

I Austrheim finst det også gjengroingsmyr, eller blautmyr, som ofte står i samband med små vatn og tjørn. Langs vatna veks det flytande matter som gradvis fyller opp tjørna med torv. Dersom vatnet ikkje er for djupt, vil det etter kvart bli heilt attgrodd og forsvinne. Nokre stader der det i dag ligg tett torv på ei jamn myroverflate, kan det ha vore eit vatn tidlegare, kan hende for nokre få hundre år sidan.

Myrane i Austrheim er fattige fordi det er lite næring i den sure anortositten eller gneisen i berggrunnen. Nokre myrar er ekstra fattige på næringssstoff fordi dei har bygd seg opp med svært tjukk torv og høge tuer. Her kan torva ha mista kontakten med berggrunnen som ligg under, og det lille som blir tilført av næring kjem med nedbøren. På nokre få stader med tynn torv finst det små område med rikmyr som kan skuldast lokale innslag av gabbro eller annen baserik berggrunn. Det kan også bli danna rikmyr der det ligg lausmassar av mineralrik leire eller skjelsand under torva.

Mykje av landbruksjorda i Austrheim har truleg vore myr før den vart grøfta og pløgd for lang tid tilbake. I nyare tid, for ca. 40 år sidan vart ein god del av torvjorda tilplanta med sitkagran, noko som viser svært godt igjen i dag som trea har blitt store. Sitkagrana er ein trussel mot

myra fordi dei hydrologiske tilhøva blir endra. Den verdifulle terrengdekkjande myra på Lyngoksen står i fare for å bli øydelagt av kulturskogen som er blitt planta der.

### Rasmark, berg og kantkratt (B)

Ein generell karakteristikk av denne naturtypen er vegetasjon på grunnlendt eller ustabil, tørr mark, ofte i overgangen mellom skog og open mark, på bergknausar, på tørre, steinete bakkar, skrentar og strandberg ved havet. Naturtypen dekkjer generelt nokså små areal, men kan likevel vere voksestad for interessante artar som er bundne til tørre, opne stader der det er godt med lys.

I Austrheim er denne naturtypen knapt registrert, noko som kan forklarast med dei rolege landskapstrekka. Utan bratte fjellsider blir det ikkje utvikla noko rasmark eller steinete bakkar. Heller ikkje ved havet er det steile klipper med det rette habitatet for sjeldne bregner, som t.d. havburkne. Det forklarer kvifor denne bregnen ikkje er funnen sjølv om klimaet burde passe bra.

I nordvendte bergskorer veks det ein annan bregne, hinnebregne, som unngår direkte solinnstråling sidan dei tynne blada ikkje toler uttørking. Nordvendte berg med hinnebregne er som oftast registrert i samband med område kartlagd som kystlynghei.

### Kulturlandskap (D)

Kulturlandskap er landskap påverka av mennesket, og det gjeld eigentleg svært mykje av naturen omkring oss, ikkje minst i Austrheim. Men i denne samanhengen brukar ein omgrepet kulturlandskap på naturtypar der menneska har hatt, og har ei avgjerande rolle for utforminga av vegetasjonstypen og dermed utvalet av artar. Dette gjeld først og fremst jordbrukslandskapet. Gjennom ulik bruk, både når det gjeld driftsformer og kontinuitet, har det blitt utforma mange ulike leveområde for planter og dyr. For mange av artane er det truleg dei gode lysforholda som er spesielt viktige. Artane er også tilpassa eit magert jordsmonn utan mykje bruk av gjødsling.

Områda som skal kartleggjast er dei med spesiell verdi for biologisk mangfald, både ved høg artsrikdom og med spesielt godt tilpassa artar. Fleire av artane er i tilbakegang eller heilt borte fordi habitata er blitt sjeldnare. Vi må tru at ein typisk art som prestekrage har vore vanleg i kulturlandskapet for nokre få tiår tilbake. I dag er planten berre registrert i ein vegkant ved Dyrneset (faktaark 17).

I Austrheim har det som på resten av Vestlandet, skjedd ei gjengroing av mange gamle tradisjonelle kulturlandskap. Mykje av areala med utmarksbeite har blitt til skog og kratt fordi dei ikkje lenger er i bruk. Her brer tresлага om seg, både furu, bjørk og andre lauvtre (Figur 8 og 9). Ein omfattande bruk av kunstgjødsel har redusert mangfaldet av planteartar i mange av dei områda der marka framleis er i bruk til slått og beite. Artar knytt til det gamle, tradisjonelle jordbruket er difor blitt svært sjeldne eller heilt borte. Det er også blitt planta mykje gran som har medverka til å lukke igjen dei gamle kulturlandskapa (Figur 2).

Inntrykket ein sit igjen med frå Austrheim er at det er svært mykje ung skog med første generasjon tre på gammal kulturmark. Desse trea er truleg yngre enn 30-40 år. Her er også forholdsvis mange fråflytta småbruk der marka ikkje lenger er i drift. Det er ikkje funne grunnlag for å kartlegge eit einaste område med slåttemark i kommunen.



**Figur 4.** Røsslynghei i optimal bløming, Krossøyna august 2001. Her ligg den lyngheia i Austrheim som er i best stand.



**Figur 5.** Purpurlyng er vanleg på tørre stader i lyngheia på Krossøyna.

Det kulturlandskapet det framleis finst mykje igjen av i Austrheim er kystlyngheia. Under tidlegare registreringar er det omtalt eit område på Bakkøyna-Fonnes (Fremstad m.fl. 1991, sjå faktaark nr. 40). I dag er dette eit altfor attgrodd område til å ha verdi som kystlynghei. Lyngheia som finst på Bakkøyna og elles i heile den austlege delen av kommunen, er langt på veg blitt til skog (Figur 8 og 9), eller areala er tatt i bruk til andre føremål. Dei beste områda som er att med lynghei ligg lengst vest i kommunen, spesielt på små øyar ute i havgapet. Her er det minst påverknad frå utbygging av marka til ulike føremål, som hus- og hyttebygging, industri- og forretningsbygg. Skjønt presset på utmarka har nok auka etter at det kom vegar og bruer i skjergarden ut til Krossøyna og Baløyna.

Lyngheia som ligg lengst ute ved havet er i best stand, altså minst attgrodd, og det er fleire grunnar til det. Klimapåkjennninga er større enn i aust, og med mykje vind og kjølig lokalklima tar det difor lengre tid for skogen å vekse opp. Det er også større avstand til eksisterande skog, og dermed er ikkje kjelda til frø som kan vekse opp til nye tre så lett tilgjengeleg som i aust. Endeleg kan det synast som om det er flest beitedyr i utmarka i den vestlege delen av kommunen. Dei gjev eit viktig bidrag til å halde landskapet i hevd. Men nokre sauherder og der er ikkje nok til å endre hovudinntrykket, nemlig at areala med lynghei har gått sterkt tilbake.

Kystlyngheia i Austrheim er generelt i ein dårleg tilstand med mykje høg, forveda og grov-vaksen røsslyng. Slik lyng er ueigna som beiteplante. Spesielt på relativt lune stader har eine-ren breidd om seg til tette kratt. Det krev difor omfattande brenning og andre tiltak om desse heiiane skal setjast i stand. Likevel finst det mindre område der lyngheia er i relativt bra stand og inneholdt låg, saftig og lite forveda røsslyng. Parti av den nordlege delen av Krossøyna er eit slikt område der lyngheia er intakt (Figur 4). Det betyr ikkje at den blir skjøtta godt nok, men dette området har eit potensial til å kunne setjast i stand. I lyngheia på Krossøyna veks det lokalt mykje purpurlyng, heistorr, kystmaure, kystmyrklegg og ei rekke andre karakteristiske artar som er bundne til vestkysten av fylket (Figur 5).

### Ferskvatn/våtmark (E)

Naturtypen omfattar område med ope ferskvatn som elvar, bekkar og større og mindre innsjøar. Mange artar er direkte knytte til vatn og vassdrag. Både i skogsområde og i intensivt drive jordbruksområde er ferskvasslokalitetar ofte artsrike oasar og viktige spreiingskorridrar. Spesielt bekkar mellom vatna er effektive i så måte. Generelt sett er mange ferskvasslokalitetar blitt utsette for ulike inngrep. Viktige trugsmål er m.a. drenering, attfylling, oppmuring, bekkelukking, bekkeutretting og forureining.

Vassdraga i Austrheim er små som ein følge av den flate topografin. Dei fleste ferskvatna som er kartlagde, er tilknytt kulturlandskapet. Eininga rik kulturlandskapssjø er ferskvatn som ligg i område med aktivt jordbruk. Næringsrikdommen i vatnet er dels et resultat av tilsig frå markene omkring, men kan også skuldast næringsrik leire på botnen. Her er fleire førekommstar med takrør som vert rekna som ein viktig utforming (DN 1999). Dei fleste førekommstane med takrør er kartlage som rike kulturlandskapssjøar. Ein annan karakterart er selsnepe som er vanleg i begge dei to vassdraga som renn ut i sjøen inst i Førlandsvågen og ved Littlelindås (Figur 6). Denne svært giftige sumpplanta har spreidd seg effektivt med vatnet. I beitemarka ved utlaupet av Førlandsvatnet vart det observert selsnepe som har vore beita (Figur 7).

Ferskvatn som er omkransa av lyngmark og beitemark er oftast fattige, utan eit frodig belte med sumpplantar. Slike vatn er gjerne omkransa av flaskestorr. Der det er grunt vatn finst



**Figur 6.** Lindåsvatnet er ein rik kulturlandskapssjø. I den ytste delen av sumpvegetasjonen veks det selsnepe i eit par meter breitt belte rundt heile vatnet.



**Figur 7.** Plantar i rike kulturlandskapssjøar. T.v: Selsnepe med avkutta stenglar som viser at denne svært giftige planta har vore beita (Førlandsvatnet). T.h: Skaftevjeblom, raudlisteart som veks på finkorna sand og leire i Solevatnet.

strender med kortkotsplantar, dvs. vassplanter med små bladrosettene som veks på finkorna botn. Slike habitat er kartlagt som mudderbankar (Figur 7).

Nokre vatn eller tjern ligg i myrområde med torv langs heile eller deler av vatnet. Dei gror til og blir til myr etter kvart som tjernet fyllast opp med torv. Slike små tjern finst spesielt i myrområda nord på Fosnøyna, men er ikkje kartlagt sidan dei er svært artsfattige.

## Skog (F)

Skog omfattar område der tre er dominerande (men som naturtype finst det også tresette område tilhøyrande kulturlandskap). Etter høgfjell er skog den mest utbreidde naturtypen i landet. Om lag 37% av landarealet er skogdekt. Av det totale skogarealet i landet er ca. 55% barskog og 45% lauvskog (berre 1% er edellauvskog). Desse tala stig etter kvart som utmarka gror att. Skog finst i svært mange utformingar alt etter klima, jordsmonn og topografi og dannar dermed ei lang rekke ulike leveområde. Over halvparten av alle landlevande dyr som er registrerte her i landet, er knytt til skogen. Også svært mange raudlisteartar hører til dette økosystemet. Artsrike grupper innanfor insekt og sopp utgjer langt dei fleste.

Austrheim er ein svært skogfattig kommune om vi berre reknar med naturskogen. Skrint jordsmonn, mykje torvjord og stor utnytting av utmarka til beiting har gitt vanskelege vilkår for ein godtveksande og produktiv naturleg skog. Eit barskt klima i den vestlege delen spelar også inn, spesielt i forhold til varmekjære lauvtre. Det er ikkje registrert rik edellauvskog i Austrheim. Kommunen manglar den rette topografien for denne naturtypen, med høge bratte fjellsider, lier og eit jordsmonn bygd på rasmateriale. Alm er ikkje registrert og lind er svært sjeldan. Edellauvtreslaga som er best tilpassa desse kystområda er hassel og eik. Men dei finst berre i små førekommstar ved foten av berg som vender mot sør og sørvest. Desse skogane er ofte dominert av beitegras som smyle, engkvein og sølvbunke. Kravstore urter som kjennteiknar rikare skog på brun skogsjord er nesten heilt fråverande, men dette samsvarer godt med dei nøy same treslaga som dannar skogen i Austrheim.

Skogen er på frammarsj fordi beitetrykket på utmarka ikkje er høgt nok til å halde landskapet opent. Det finst derfor svært mykje første generasjon skog, særlig pionertre som bjørk, selje og rogn. Nokre stader veks det òg opp furu. På kartet over skog og jordbruksareal er berre dei viktigaste områda med lauvskog kome med (Figur 3). Mange stader består utmarka av spreidde tre og krattskog, eit slags mellomstadium mellom lyngmark og skog (Figur 8 og 9).

Kartet syner også at barskog dekkjer store areal i kommunen. Ingenting av dette er naturleg skog, men kulturskog frå ei omfattande planteperiode på 1960-talet. Det er planta svært mykje sitkagran både på lyng- og grasmark og på grøfta myr. Ute på øyane er det i tillegg til sitkagran blitt planta mykje buskfuru. Det er meir kulturskog på øyane, t.d. på Lyngoksen og Rongevær enn det som kjem fram på kartet. Plantefelta på øyane i skjergarden syner godt i det opne landskapet.

Dei om lag 40 år gamle sitkagranene har for lengst blitt store og komne i frøproduserande alder (Figur 2), og difor kjem det no opp ein ny generasjon med gran, denne gongen utan hjelp frå menneske. Om denne utviklinga får halde fram, vil det bli stadig meir granskog i heile utmarka, og ikkje berre i dei avgrensa felta der han vart planta.



**Figur 8.** Lynghei i attgroing aust for Fosnstraumen. Bildet er typisk for utmarka i Austrheim.



**Figur 9.** Her er lyngheia ”invadert” av einer, bjørk, rogn og furu. Om nokre få tiår har dette landskapet blitt til skog. Sør for Bakka, søraust på Bakkøyna.

## Kyst og havstrand (G)

Kyst og havstrand omfattar naturtypar som er knytt til saltvatn eller saltvasspåverka miljø, og i tillegg nokre habitat under vatn i svært grunne område (grunne straumar, undervasseng, brakkvasspollar og brakkvassdelta). I skjergarden i Austrheim finn ein mange grunne sjøområde som det av metodiske årsaker ikkje er gjort nærlere undersøkingar av. Einingar som grunne straumar og undervassenger er difor ikkje blitt kartlagd.

Generelt byr områda mellom land og hav på spesielle livsvilkår og inneheld fleire naturtypar og artar som kan vere sjeldsynte. Eit stort press på strandområda mange stader gjer det viktig å få kartlagt dei viktigaste strendene, slik at ein i størst mogleg grad kan unngå uheldige inngrep her.

Fordi Austrheim består av mange store og små øyar, har kommunen ei svært lang strandline i forhold til landarealet. At landskapet generelt er ganske flatt, verker også inn på kor stort landareal som blir påverka av tidevatnet. I dei to områda Teindalen ved Øksneset og Leirvågsanden går tidevatnet fleire hundre meter innover dei finkorna lausmassane av leirhaldig jord, og det blir difor danna spesielle brakkvassmiljø her (Figur 11). Slike landskap i denne storleiken er sjeldne i fylket og må tilleggjast stor verdi som naturtype. Enkelte stader ligg det meir eller mindre isolerte basseng innanfor strandsona, som står i samband med sjøen gjennom ein tidevasskanal. Slike brakkvasspollar er også eit karakteristisk trekk ved det flate landskapet til strandsona.

Mange av strendene har berre mindre mengd med lausmassar av stein, grus eller sand, og dei er difor små av utstrekning. Talet på strender i kommunen er høgt når ein reknar med dei små områda med lokal verdi som naturtype. Under tidlegare granskingar er det ikkje registrert strender som er aktuelle som verneobjekt (Lundberg 1992). Mange av strendene i kommunen har ein einsarta vegetasjon med vanlege strandplantar.

På strender finst likevel nokre av dei mest sjeldne karplantane i Austrheim. Fleire er til dels lite kjent frå Vestlandet elles. Grusstorr er ein nordleg strandplante som det finst svært lite av i Hordaland. Noko vanlegare er ein annan nordleg art, pølstorr, som krev spesielle brakkvassmiljø. Skjoldblad og pusleblom er strandplantar med ei sørleg utbreiing. Spesielt skjoldblad er i Noreg berre så vidt funnen nord for Austrheim. Planten finst ganske rikeleg på Børilden (Figur 10 og 12).



**Figur 10.** Skjoldblad veks på strender ved Grunnosen, Børilden.



**Figur 11.** Leirvågsanden. Tidevatnet går langt innover land på dei finkorna leirmassane. Slike landskap er svært sjeldne i fylket.



**Figur 12.** Ved Grunnosen søraust på Børilden finst det fleire små strender med skjoldblad og andre interessante strandplantar.

## RAUDLISTEARTAR

Ei raudliste er ei oversikt over artar som er sjeldne, trua eller i tilbakegang. Mange av desse artane er sterkt spesialiserte med avgrensa utbreiing og små leveområde. Andre er arealkrevjande artar som er i tilbakegang grunna fragmentering av leveområda. Ei raudliste inneheld også ofte artar som er naturleg sjeldne og som krev spesielle habitat sjølv om det ikkje er noko direkte trussel mot lokaliteten. Mange av artane ”nedst” på lista er plasserte der mest av ”føre var” grunnar fordi vi har liten kunnskap om dei.

Raudlisteartar har ein sentral plass i kartlegginga av biologisk mangfald, både som kriterium for verdisetting av naturtypeområde og som kartleggingsobjekt. Ei grundig kartlegging av raudlisteartar er det likevel vanskeleg å gjennomføre innafor dei rammene som det blir lagt opp til her. Kartlegging av mosar, lav og sopp krev spesiell kompetanse, med mykje innsamling og eit tidkrevjande etterarbeid. Skal ein ivareta desse gruppene av kryptogamar, vil det nødvendigvis måtte gå utover kartlegginga elles. Ved kartlegging av raudlista kryptogamar vil ein difor i praksis måtte henta inn data frå Universitetsherbaria. Der slike data er vanskeleg tilgjengelege, ligg det utanfor ramma til denne rapporten.

IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis, og mange land har no gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning, DN. Dei siste åra har også enkelte Fylkesmenn utgitt fylkesvise (regionale) raudlister. Det kan vere artar som av klimatiske grunnar er sjeldne i ein landsdel, medan dei er vanlege i ein annan landsdel. Meininga med slike raudlister er å rette auka fokus på trua og fåtalige artar og dermed stimulere til at tiltak blir gjennomført. På denne måten håpar ein på å kunne sikre levedyktige bestandar av desse artane, enten arten er sjeldan på nasjonalt eller lokalt nivå.

Raudlistene må reviderast relativt ofte etterkvart som kunnskapen om artane aukar (situasjonen for enkelte artar kan også endre seg relativt raskt). Mange av artane i dei to siste kategoriene i raudlista, spesielt når det gjeld sopp, lav og mosar, er plasserte der fordi vi veit for lite om dei. Og mange av desse vil kanskje bli tekne ut av raudlista når kunnskapen om dei har blitt betre.

Raudlista som denne rapporten bygger på er *Nasjonal rødliste for truede arter i Norge 1998* (DN 1999). Dei ulike kategoriene ein finn i denne raudlista er definerte under.

### **Utrydda - Ex (Extinct)**

Artar som truleg har forsvunne som reproduserande i landet. Omfattar vanlegvis artar som ikkje har vore påvist dei siste 50 åra. ”Ex?” angir artar som har forsvunne for mindre enn 50 år sidan.

### **Direkte trua - E (Endangered)**

Artar som står i fare for å forsvinne i nær framtid dersom dei negative faktorane fortset å virke.

### **Sårbar - V (Vulnerable)**

Artar med sterk tilbakegang, som kan gå over i gruppa direkte trua dersom dei negative faktorane fortset å virke.

### **Sjeldan - R (Rare)**

Artar som ikkje er direkte trua eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon, fordi dei er knytt til eit avgrensa geografisk område eller ein liten bestand med spreidd og sparsam utbreiing.

### **Omsynskrevjande - DC ( Declining, care demanding )**

Artar som ikkje tilhører føregåande kategoriar, men som grunna tilbakegang krev spesielle omsyn og tiltak.

### **Bør overvakast - DM ( Declining, monitor species )**

Artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som trua. For desse er det grunn til å halde eit auge med bestandssituasjonen.

## KARPLANTAR

Fire raudlista karplanteartar er registrerte i Austrheim. Som tabellen under viser er det ikkje spesielt store trugsmål mot desse artane. Men det er sjølv sagt avgjerande at det ikkje skjer ei øydelegging eller endring av veksestadane. Det er berre kvitpestrot som veks utsett til for at habitatet kan bli endra med det første (sjå faktaark 35).

**Tabell 3.** Raudlista karplantar i Austrheim

Raudlistestatus	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Trugsmål lokalt
Sårbar - V	Hinnebregne	<i>Hymenophyllum wilsonii</i>	Ikkje kjent
Sjeldan - R	Kvitpestrot	<i>Petasites albus</i>	Attgroing
Omsynskrevjande - DC	Pusleblom	<i>Anagallis minima</i>	Ikkje kjent
	Skaftevjeblom	<i>Elatine hexandra</i>	Ikkje kjent

## MOSAR

Frisvoll og Blom (1997) nemner ein raudlisteart frå Austrheim (Tabell 4). Ut over dette er det ikkje kjent raudlista mosar i kommunen, men gruppa er svært dårlig undersøkt.

**Tabell 4.** Raudlista mosar i Austrheim

Raudlistestatus	Norsk namn	Vitskapeleg namn	Trugsmål lokalt
Bør overvakast (DM)	Alvemose	<i>Hamatocaulis vernicosus</i>	Ikkje kjent

## SOPP

Det er ikkje kjent raudlista soppartar frå Austrheim, men også denne gruppa er svært dårlig undersøkt. Eit sok i Norsk Soppdatabase gav ingen treff. Særleg innan gruppa beitemarkssopp må ein kunne rekne med at det finst raudlisteartar også i Austrheim.

## LAV

Dei fleste raudlista lavartane (makrolav) i Austrheim er første gong registrerte under det såkalla Lindåsprosjektet for om lag 30 år sidan. Opplysningane om artane er henta frå Norsk Lavdatabase og Tønsberg m.fl. 1996. Rapporten frå 1996 inneheld nyare observasjonar om artane og habitata. Dei fleste lokalitetane vart i 1994 oppsøkte med tanke på gjenfunn, og det vart gjort vurdering av status for artane. Dette arbeidet som vart utført av Dag Olav Øvstdal (DOØ) og Tor Tønsberg (TTØ), viser at dei sjeldne lavartane er sårbare ettersom fleire av artane ikkje vart funne att.

**Tabell 5.** Raudlista lav i Austrheim.

Art	Raudliste	Merknad
Kystprikklav <i>Pseudocyphellaria norvegica</i>	V	Leirvågen, (DOØ 1971), <b>ikkje atfunnen</b> i 1994.
Kystrosettlav <i>Physcia semipinnata</i>	R	Fonnes, 1-20 m o.h. på osp. (O. Balle 1975). Tilstand 1994: ganske sparsamt.
Gråpunktlav <i>Punctelia subrudecta</i>	R	Årás, på stor platanlønn nær vegen (DOØ 1971), <b>ikkje atfunnen</b> i 1994.
Kystsaltlav <i>Stereocaulon delisei</i>	R	Fonnes, nordaust for Fonnesstraumen, 0,2 km aust for bruhaugen, 20 m o.h. I ei forsenking. (DOØ 1976), <b>ikkje atfunnen</b> i 1994.
Kystblåfiltlav <i>Degelia atlantica</i>	DC	Leirvågen. Funne i 1974 (DOØ 1974), <b>ikkje atfunnen</b> i 1994.
Piggrollskjegg <i>Bryoria smithii</i>	DC	Fonnes, nordaust for Fonnesstraumen, 0,2 km aust for bruhaugen. 20 m o.h. på ein austvend bergvegg (DOØ 1976). Tilstand 1994: ganske sparsamt.
Kystkoralllav <i>Bunodophoron melanocarpum</i>	DC	Arten er kjend frå tre lokalitetar i Austrheim, ingen av dei er undersøkt i 1994: Krossøyna (DOØ 1976), Fonnes (DOØ og P.E. Kaland 1969) og Lyngoksen (DOØ 1980).


## LITTERATUR

- Direktoratet for Naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Nasjonal rødliste for truete arter i Norge 1998. DN-rapport 1999-3. 162 s.
- Direktoratet for Naturforvaltning 1999. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. - NINA Temahefte 12. 279 s.
- Fremstad, E., Arrestad, P. A. & Skogen, A. 1991. Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare. - NINA Utredning 029. 172 s.
- Frisvoll, A.A. og Blom, H. 1997. Trua mosar i Noreg med Svalbard. Førerels faktaark. Botanisk notat 1997-3, NTNU. 170 s.
- Fægri, K. 1960. Maps of distribution of Norwegian plants. I. The coast plants. Univ. i Bergen. Skr. 26.
- Lundberg, A. 1992. Havstrand i Hordaland. Regionale trekk og verneverdiar. DN-rapport 1992-2.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. - Statens kartverk, Hønefoss. 199s.
- Tønsberg, T., Gauslaa, Y., Haugan, R., Holien, H. & Timdal, E. 1996. The threatened macrolichens of Norway - 1995. Sommerfeltia 23: 1-258.

## Sentrale dokument i miljøvernpolitikken

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til biologisk mangfold. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro.
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfold.
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken.
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt".
- St. melding nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning.





<b>Lokalitet</b>	1 Sauøyna, Skageøyna, Kuøyna	<b>Areal</b>	396 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap, Kyst og havstrand	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lengst nordvest i skjærgården ligg øyane Rongeværet, Sauøyna, Skageøyna og Kuøyna. Øyane ligg tett sammen og hører naturleg saman som ei eining. Mellom øyane er det grunne sund, stadvis med skjelsand. Det ligg også noko skjelsand på tørt land, spesielt på den midtre delen av Skageøyna. I dette havnære klimaet er det typisk at sona med strandvegetasjon går eit stykke inn over land. Strandvegetasjonen er best utvikla der det finst skjelsand og grus eller andre lausmassar. Strandeng og strandsump er best utvikla i skjerma viker, medan den eksponerte stranda består av blankskurte strandberg. Strandvegetasjon finst også ved små vasspyttar inne på land. Omkring disse er det gjerne sumpvegetasjon, ofte med hanekam som ein dominerande art. Dei eksponerte strandberga utan lausmassar har sparsamt med vegetasjon, men rosenrot og strandsmelle er typiske her.

Innanfor strandsona er det lynghei i middels god stand, dvs. ikkje spesielt godt skjøtta, men heller ikkje mykje attgrodd med buskar og kratt. Gjenveksten går sakte i dette barske klimaet. Røsslyngen har gjerne ei høgde på 20 cm, og eineren har breidd seg lokalt. Der det er noko betre jord har det kome opp mykje einstape. Det vart ikkje registrert beitedyr i lyngheia.

Ein lokalitet med hinnebregne ligg i det trange sundet midt på Sauøyna. Planten dekker ca. 0,5 m<sup>2</sup> av ein nordvendt, omlag 8 m høg bergvegg. Hinnebregna veks her saman med fleire oseaniske mosar.

Det er mest lynghei på Kuøyna og Sauøyna, medan Skageøyna er dominert av svaberg og strandvegetasjon. Rongeværet er sterkt tilplanta med sitkagran og buskfuru og er difor halden utanfor kartlegginga. Sitkagran dekker også den austlege delen av Kuøyna.

### Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

### Karakteristiske artar

#### Kystlynghei D07:

Heistarr *Carex binervis*  
klokkeling *Erica tetralix*  
heisiv *Juncus squarrosus*  
kusymre *Primula vulgaris*  
storfrytle *Luzula sylvatica*  
krypvier *Salix repens*  
kystreinlav *Cladonia portentosa*  
kysttvebladmose *Scapania gracilis*  
storstylte *Bazzania trilobata*  
stripefoldmose *Diplophyllum albicans*

#### Strandeng og strandsump G05:

Tangmelde *Atriplex latifolia*  
gåsemure *Potentilla anserina*  
småengkall *Rhinanthus minor*  
knortestarr *Carex otrubae*  
slåttestarr *Carex nigra*  
rosenrot *Rhodiola rosea*  
strandsmelle *Silene maritima*  
strandkjeks *Ligusticum scoticum*  
strandstjerne *Aster tripolium*  
skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*

saltbendel *Spergularia marina*  
strandbalderbrå *Matricaria maritima*  
hanekam *Lychnis flos-cuculi*

### Aktuelle forvaltingstiltak

Sauøy er i dag regulert som friluftsområde. Den nordlege delen av området er sjøfuglreservat. Det trengs beitedyr for at lyngheia ikkje skal gro att.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 05.08.2002

<b>Lokalitet</b>	2 Lyngoksen	
<b>Hovudnaturtype</b>	Myr, Kulturlandskap	<b>Areal</b> 100 da
<b>Undertype</b>	Terrengdekkande myr (A03), Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b> A - svært viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Øya Lyngoksen hører til den ytste delen av skjærgården i Austrheim. Sentralt på øya ligg en av dei finaste terrengdekkande myrane som er kjent langs ytterkysten sør for Stadt. Her ligg det torv i tjukke lag i eit småkupert terrenget som har skråningar på opp til 15°. Den største torvdjupna som er målt i myra er på heile 2,3 m og ligg ved øya sitt høgaste punkt i sør, 33 m o.h. Lyngoksen vart på 1970-talet undersøkt ved hjelp av pollenenalyse for å utforske vegetasjonshistoria og busetjinga i Nordhordland. Øya har aldri vore bebudd, men har likevel vore utnytta. Spora etter menneskeleg påverknad er svært gamle. Øya vart avskoga og tatt i bruk som beitemark alt for 4300 år sidan, mykje tidlegare enn elles i Nordhordland. Utviklinga av den tjukke torva startar på same tidspunkt som skogen blir fjerna, og det ikkje lenger er tre som kan suge opp fuktigheita i jorda. Lyngoksen har difor hatt lengre tid på seg til å bygge opp torv enn det som er vanleg i distriktet elles. Det har blitt skore noko brenntorv på øya, men i langt mindre grad enn elles på kysten av Vestlandet. Truleg starta torvskjæringa på Lyngoksen etter at lettare tilgjengelege myrområde var tømt brenntorv, difor er det framleis mykje intakt torvmyr her.

Lyngoksen har tidlegare blitt peika ut som eit område med svært høg verneverdi, både nasjonalt og internasjonalt (Botanisk institutt, UiB 1980, ved Peter Emil Kaland og Dag Olav Øvstedral).

Om vi ser bort frå kulturskogen, viser Lyngoksen korleis øyane på kysten av Hordaland må ha sett ut før utnyttinga av torvmyrane tok til.

### Eksisterande inngrep

Det er planta ein del skog på Lyngoksen, spesielt i sør og nordaust.

### Aktuelle trugsmål

Skogplanting har redusert verneverdien og heilskapen i landskapet, og det skjer ei gradvis tilgroing etter kvart som skogen blir tettare.

### Aktuelle forvaltingstiltak

Det er svært viktig at kulturskogen på Lyngoksen blir hogd, elles kan det vere fare for at dei hydrologiske forholda i torva blir endra slik at den terrengdekkande myra tørkar ut. Dagens utvikling med ein stadig meir tettvakten skog vil òg forringe den naturlege vegetasjonen på øya. Det vart alt i 1980 peika på at sitkagrana måtte bort, men dette har ikkje blitt følgt opp.

### Litteratur

Uttale av 23.12.1980 vedr. utkast til verneplan for myrar i Hordaland. Univ. i Bergen, botanisk institutt.

**Registrert av** Ikkje undersøkt i 2002

**Dato**

<b>Lokalitet</b>	3 Steinsøyna	
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap	<b>Areal</b> 54 da
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi

#### **Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Steinsøy er ein liten holme i skjærgården mellom Krossøyna og Rongeværet. På sørsida er det bratte bergknausar mot sjøen, medan terrenget skrånar meir jamt i nord. Også i nord er det mykje svaberg langs sjøen. Øya er dekka av ei homogen kystlynghei, med middels grovvaksen røsslyng. På sørsida, der det er god varme i berga, veks det spreidd purpurlyng. Det finst nokre få plantar av buskfuru på øya.

Lokaliteten vart registrert frå båt.

#### **Karakteristiske artar**

Røsslyng *Calluna vulgaris*, purpurlyng *Erica cinerea*

#### **Aktuelle trugsmål**

Attgroing.

#### **Aktuelle forvaltingstiltak**

Rydde bort buskar, lyngbrenning, beiting.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 05.08.2002

<b>Lokalitet</b>	4 Nautøyna	<b>Areal</b>	73 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Nautøyna ligg i skjærgården mellom Krossøyna og Rongeværet, og er skilt fra Steinsøyna med eit lite sund. Det går ein liten dal frå nordvest mot søraust som nesten deler øya i to. På austsida er det planta mykje buskfuru, men på vestsida er det kystlynghei som er lite attgrodd. Røsslyngen er forholdsvis grovvokst i lesidae, men er liten og kortvokst på dei eksponerte knausane. Der det er grunnlendt mark og mykje berg i dagen er mjølbær karakteristisk saman med kystpute.

I nord, like vest for Nautøyvågen veks det hinnebregne i ein nordvendt bergvegg i eit lite skar.

#### Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

#### Karakteristiske artar

Røsslyng *Calluna vulgaris*  
mjølbær *Arctostaphylos uva-ursi*  
rome *Narthecium ossifragum*  
storbjørnnskjegg *Trichophorum cespitosum* ssp. *germanicum*

kornstarr *Carex panicea*  
kystpute *Cladonia subservicornis*  
kystreinlav *Cladonia portentosa*

#### Aktuelle trugsmål

Attgroing.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 05.08.2002

<b>Lokalitet</b>	5 Krossøyna	<b>Areal</b>	390 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap, Myr, Kyst/havstrand	<b>Verdi</b>	A - svært viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Krossøyna er den nordlegaste øya i ei øyrekke med vegsamband til fastlandet. Vegen endar i den soraustlege delen, og her ligg det som er av busetnad og dyrka mark på øya. Den vestlege og nordlege delen av Krossøyna er eit forholdsvis stort, samanhengande naturområde utan påverknad frå moderne landbruk eller tekniske inngrep.

Kystlynghei dominerer, men også andre naturtypar er representert.

Terrenget er kupert med mange eksponerte kollar som når opp til 35 m o.h. På kollane det mykje grunnlendt jord og berg i dagen. Mellom kollane finst noko torvmark og myr, men Krossøyna ber preg av at svært mykje av brenntorva er fjerna ved torvtekt. Dette har hatt mykje å seie for vegetasjoneutviklinga på øya, og dagens bilete av ei oppstykkja og lite samanhengande myr, må tilskrivast den sterke utnyttinga av torvressursane. Lite torvdekke har gitt gode forhold for purpurlyng i lyngmarka. Purpurlyngen finst i mengder der jorda er godt drenert, særleg i sør vendte skråningar der det er berg som skjermar mot nordavinden. I lyngheia på Krossøyna er det nokre stader meir purpurlyng enn røsslyng, særleg på sørsida av knausane sentralt på øya. Tilstanden til røsslyngen varierer frå nokså grovvokst og forveda til kortvokst og saftig med god beiteverdi. Eit spesielt fint parti ligg lengst i nord ved Gavletua, der den sterkt vindutsatte plasseringa er med på å dempe attgroinga i forhold til område som ligg meir i le. Eineren på Krossøyna er stort sett liten og krypande. I nord er det ingen buskar, men lengst i sør finst ei og anna bjørk og furu.

Totalt sett er lyngheia på Krossøyna i relativt god stand, trass i at området i dag ser ut til å vere lite beita eller i drift på annan måte.

Ved Kumlevågen ligg eit lite basseng som er knytt til sjøen med ein tidevassbekk. Det finst òg små parti med rikmyr i lyngheia, mest som fuktige sig. Vegetasjonen på strandklipper innanfor Risneset er prega av eksponering mot ope hav. Her finst artar som strandsmelle, rosenrot, kattehale, blankburkne og strandkjeks.

Lyngheia på Krossøyna er den største og mest intakte i Austrheim.

### Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V)

### Karakteristiske artar

Purpurlyng <i>Erica cinerea</i>	fagerperikum <i>Hypericum pulchrum</i>	heisiv <i>Juncus squarrosum</i>
klokkelyng <i>Erica tetralix</i>	kystmyrklegg <i>Peculiaris sylvatica</i>	heistarr <i>Carex binervis</i>
mjølbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i>	kystgrisøyre <i>Hypochoeris radicata</i>	loppestarr <i>Carex pulicaris</i>
krypvier <i>Salix repens</i>	vivendel <i>Lonicera periclymenum</i>	kornstarr <i>Carex panicea</i>
musøyre <i>Salix herbacea</i>	rosenrot <i>Rhodiola rosea</i>	skjørbuksurt <i>Cochlearia officinalis</i>
mjuk kråkefot <i>Lycopodium clavatum</i>	kattehale <i>Antennaria dioica</i>	myrsaulauk <i>Triglochin palustris</i>
blankburkne <i>Asplenium adiantum-nigrum</i>	strandkjeks <i>Ligusticum scoticum</i>	gulldusk <i>Lysimachia thyrsiflora</i>
dvergjamne <i>Selaginella selaginoides</i>	småengkall <i>Rhinanthus minor</i>	strandsmelle <i>Silene maritima</i>
småtjønnaks <i>Potamogeton berchtoldii</i>	skjoldberar <i>Scutellaria galericulata</i>	kusymre <i>Primula vulgaris</i>

### Aktuelle trugsmål

Attgroing

### Aktuelle forvaltingstiltak

Skjøtsel av lyngheia, med brenning og beiting.

### Litteratur

Uttale av 23.12. 1980 vedr. utkast til verneplan for myrar i Hordaland. Univ. i Bergen, botanisk institutt.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 11.08.2001

<b>Lokalitet</b>	6 Baløyna	<b>Areal</b>	130 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap	<b>Verdi</b>	B - viktig
<b>Undertype</b>	Kystlynghei (D07)		

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Baløyna er den nordlegaste øya i ei øyrekke med vegsamband til fastlandet. Vegen går langs austsida av øya og endar i nordaust. Her ligg det som er av busetnad og dyrka mark på Baløyna. Resten av øya er eit lyngheimråde i relativt bra tilstand. Røsslyngen varierar frå å vere grovvokst og forveda til kortvokst med saftige skot. Lyngen har den beste tilstanden der heia blir beita av sau. Der marka er sterkt nedbeita er det grasbakkar med dei vanlege beitegrasa, og dvergsmyle er karakteristisk på skrinne bergknausar. Beitetrykket er minst på dei vanskelig tilgjengelege stadane, først og fremst der det er bratte berg mot sjøen på vestsida av øya. Her er heia nokså tilgrodd med grov lyng og nokre furubuskar.

Vegetasjonen i lyngheia har karakter av både fukthei med mykje klokkelyng og storbjønnskjegg og tørrhei med purpurlyng og mjølbær. Det er spesielt mykje purpurlyng i dei sør- og sørvestvendte berga, sør for Baløyhaugen. Her er det òg strandberg med pusleblom. Heilt på sørspissen av Baløyna er det ein spesielt fin lokalitet med pusleblom på berget ca. 10 m frå sjøen.

Hinnebregne er karakteristisk i nordvendte bergskårer, og er funnen på tre stader i området. Den eine ligg inst i Hønsevågen, den andre på nordaustsida av Baløyhaugen og den tredje i ein kløft 100 m lenger sør. Elles er floraen dominert av ei rekke oseaniske artar som er typiske for kystlynghei.

### Registrerte raudlisteartar

Hinnebregne *Hymenophyllum wilsonii* (V), pusleblom *Anagallis minima* (DC)

### Karakteristiske artar

Purpurlyng <i>Erica cinerea</i>	gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>
klokkelyng <i>Erica tetralix</i>	dvergsmyle <i>Aira praecox</i>
mjølbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i>	raudsvingel <i>Festuca rubra</i>
krypvier <i>Salix repens</i>	knegras <i>Danthonia decumbens</i>
kystmyrklegg <i>Pedicularis sylvatica</i>	kornstarr <i>Carex panicea</i>
fagerperikum <i>Hypericum pulchrum</i>	bråtestarr <i>Carex pilulifera</i>
storfrytle <i>Luzula sylvatica</i>	heistarr <i>Carex binervis</i>
bjønnkam <i>Blechnum spicant</i>	rosenrot <i>Rhodiola rosea</i>
storbjønnskjegg <i>Trichophorum cespitosum</i> ssp. <i>germanicum</i>	kyttvebladmose <i>Scapania gracilis</i>
heisiv <i>Juncus squarrosum</i>	stripefaldmose <i>Diplophyllum albicans</i>

### Eksisterande inngrep

Det er planta buskfuru på neset sør for havna på Baløyna.

### Aktuelle trugsmål

Attgroing ved redusert bruk.

### Aktuelle forvaltingstiltak

Dette lyngheimrådet treng skjøtsel i form av beiting. Brenning av parti med grovvokst lyng.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.08.2001

**Lokalitet** 7 Nordre Sævrøyna**Hovudnaturtype** Kyst og havstrand  
**Undertype** Strandsump (G05)**Areal** 2,6 da  
**Verdi** C - lokal verdi**Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Lokaliteten ligg på nordsida av Sævrøyna, sør aust for Trøvika. Like innanfor sjøen ligg det ei lita, flat slette. Etter mykje nedbør danner det seg ein dam her, fordi dreneringa er dårlig. Frå dalen i sør kjem det inn ein liten bekk. Ved særleg høgt tidevatn, (springflo) går òg sjøen inn, slik at heile eller delar av sletta blir sett under vatn. Det ser ut til at det daglege høgvatnet ikkje når inn over området. Etter at sletta er sett under vann, må vatnet fordampe fordi det ikkje er nokon tidevasskanal som kan lede det ut i sjøen. Ei blanding av salt- og ferskvatn gir brakkvasspåverknad, og det blir danna ei strandsump med svært periodisk fuktigkeit. Små høgdeforskjellar spelar stor rolle for fuktighetsforholda og saltvannspåverknad og dermed også for vegetasjonen.

På den finkorna jorda er det saltsiveng med innslag av musestarr, knopparve og strandkryp. I bakevja der fuktigheta er mest permanent, dominerer fjøresivaks saman med rustsivaks, sumpsivaks og småsivaks. Lengst inne på sletta, i overgangssona til lyngmarka omkring, finst ein nitrofil vegetasjon med hanekam, skjoldberar og strandkjeks.

Denne strandsumpen har blitt forma av dei økologiske særtrekka som pregar denne strandsona. Naturtypen er sjeldan, men det er likevel ikkje registrert sjeldne artar på denne lokaliteten.

**Karakteristiske artar**

Gåsemure *Potentilla anserina*  
fjøresauleuk *Triglochin maritima*  
småengkall *Rhianthus minor*  
augentrøyst *Euphrasia* sp.  
saltsiv *Juncus gerardii*  
raudsvingel *Festuca rubra*  
strandkjempe *Plantago maritima*

skjørbuksurt *Cochlearia officinalis*  
skjoldberar *Scutellaria galericulata*  
strandstjerne *Aster tripolium*  
strandkjeks *Ligusticum scoticum*  
knopparve *Sagina nodosa*  
strandkryp *Glaux maritima*  
musestarr *Carex serotina* ssp. *pulchella*

fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*  
småsivaks *Eleocharis quinqueflora*  
sumpsivaks *Scirpus palustris*  
rustsivaks *Blysmus rufus*  
hanekam *Lychnis flos-cuculi*

**Registrert av** Bjørn Moe**Dato** 08. og 11.08.2001

<b>Lokalitet</b>	8 Sævrøyna	<b>Areal</b>	514 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap, Myr	<b>Verdi</b>	B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten omfattar ein større del av Sævrøyna, dvs. eit område vest for vegen, med naturleg grense mot sjøen i sør og vest. Terrenget er svært kupert med ei rekke nord-sørgåande ryggar. Desse ryggane har oftast ei brattside mot vest og ei slakare skråning mot aust. Mellom ryggane går det små dalar som er meir eller mindre markerte. Dalbotnane er 50-100 m breie og fylt opp med torv. Det har blitt danna langstrakte myrar på flater der det opphavelig har vore fleire små vatn. Desse vatna er stort sett attgrodde i dag, med unntak av i nord der det framleis finst eit par mindre tjørn omgitt av blaut myr. Her dominerer strukturane lausbotn og mjukmatte, noko som viser at myrane er i ein tidleg fase av attgroinga. Myrvegetasjonen indikerar fattigmyr, men er langt på veg intakt, utan påverknad frå drenering eller omfattande torvtek. I Storevatnet er det takrøyri i to bukter i austlege og vestlege del av vatnet.

Dei tørre ryggane i dette kuperte landskapet består av ei lynghei som altså er nokså fragmentert av fuktige myrar. Røsslyngen er til dels grovvokst og mykje forveda, ofte 0,5 m høg, men på rabbane er den gjerne noko mindre. Grovvokst lyng med forveda stenglar har generelt därleg verdi som beiteplante, og det vart heller ikkje registrert beitedyr i området. Likevel er dette ei open lynghei som er lite påvirka av attgroing. Purpurlyng finst i området, men berre i mindre mengder, utan å sette noko preg på vegetasjonen.

### Karakteristiske artar

Purpurlyng <i>Erica cinerea</i>	dvergjamne <i>Selaginella selaginoides</i>	kystbergknapp <i>Sedum anglicum</i>
mjølbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i>	blankburkne <i>Asplenium adiantum-nigrum</i>	takrøyri <i>Phragmites australis</i>
loppestarr <i>Carex pulicaris</i>	dvergsmyle <i>Aira praecox</i>	

### Aktuelle trugsmål

Attgroing.

### Aktuelle forvaltingstiltak

Dersom området skal haldast fritt for buskar og tre, må lyngheia settast i stand ved brenning og deretter beitast.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 08. og 11.08.2001

## Lokalitet 9 Børilden

Hovudnaturtype	Kulturlandskap, Kyst og havstrand	Areal	1358 da
Undertype	Kystlynghei (D07), Strandag og strandsump (G05)	Verdi	B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Børilden er den største av øyane i den nordlege skjærgården i Austrheim. Øya er langstrakt og sterkt oppdelt med to smale vågar, Torvnesvågen i vest og Klufta i aust. Dette gir Børilden ei lang strandlinje, men fordi det er berg som går rett i sjøen er det lite strandvegetasjon på øya. Terrenget er småkupert og lavt, og berre nokre få kollar når over 20 m o.h. Øya har havn med kai og spreidde småbruk i sørvest, medan resten av Børilden manglar busetnad. Utmarka på Børilden er eit gammalt lystheilandskap med ein del torvavsetningar som truleg er mykje påverka av torvtekt.

Lystheia er dominert av en grovvokst røsslyng, medan purpurlyng berre førekjem spreidd i sørvestlige skråningar. Her er også parti med lite lyng og i staden mykje blåtopp, storbjønnskjegg og rome. Oseaniske artar som heistarr, heiblåfjør og kystmyrklegg er vanlege. Kystlyngheia på Børilden er utsett for attgroing fordi den ikkje lenger blir halden i tradisjonell drift. I den sørlege delen av heia har det kome opp noko spreidd furu, om lag 2 m høge tre.

På austsida ligg strandsona i eit flatare terrenget samanlikna med resten av Børilden. Sjøen utanfor tilhører eit gruntvassområde (Grunnosen). Dette gjer at tidevatnet, spesielt springfloa, når godt inn over land. Ein del av vatnet drenerer ut igjen i sjøen gjennom ein tidevasskanal, med noko blir ståande att og dannar ein grunn sump. I varmt vert sumpen tørke heilt eller delvis ut. Ei rekkje strandplanter som fjøresivaks og rustsivaks, dannar tette bestand i det finkorna materialet av sand og leire. Lokalt er det mykje skjoldblad som her veks nær si nordgrense. Ein annan sjeldan art på denne stranda er bogestarr. Strandvegetasjonen er blant dei mest velutvikla i Austrheim og er difor ein viktig del av heilheita i landskapet.

På grunn av kraftig vind vart berre ein del av Børilden synfart. Området lengst i nord og vest for Torvnesvågen er ikkje undersøkt.

### Karakteristiske artar

Purpurlyng <i>Erica cinerea</i>	rustsivaks <i>Blysmus rufus</i>
klokelyng <i>Erica tetralix</i>	saltsiv <i>Jucus gerardii</i>
mjølbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i>	fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i>
heistarr <i>Carex binervis</i>	strandkryp <i>Glaux maritima</i>
bråtestarr <i>Carex pilulifera</i>	skjoldblad <i>Hydrocotyle vulgaris</i>
kornstarr <i>Carex panicea</i>	strandkjeks <i>Ligusticum scoticum</i>
musestarr <i>Carex serotina</i> ssp. <i>pulchella</i>	bitterbergnapp <i>Sedum acre</i>
bogestarr <i>Carex maritima</i>	knopparve <i>Sagina nodosa</i>
mjuk kråkefot <i>Lycopodium clavatum</i>	skjoldberar <i>Scutellaria galericulata</i>
kystmyrklegg <i>Pedicularis sylvatica</i>	småengkall <i>Rhinanthus minor</i>
heiblåfjør <i>Polygala serpyllifolia</i>	bitterbergnapp <i>Sedum acre</i>
rome <i>Narthecium ossifragum</i>	storbjønnskjegg <i>Trichophorum cespitosum</i> ssp. <i>germanicum</i>
blåtopp <i>Molinia caerulea</i>	

### Aktuelle trugsmål

Lystheia står i fare for å gro til med tre.

### Aktuelle forvaltingstiltak

Brenning og beiting av lystheia.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.06.2002

<b>Lokalitet</b>	10 Børildvågen	
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap, Kyst og havstrand	<b>Areal</b> 86 da
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04), Strandeng (G05)	<b>Verdi</b> B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Børilden er den største av øyane i den nordlege skjærgården i Austrheim. Øya er langstrakt og sterkt oppdelt med fleire vågar. Børildvågen ligg lengst sørvest på øya. Dette er den einaste havna på øya, og her ligg det fleire småbruk i tilknyting til eit gammalt kulturlandskap. Den langstrakte ryggen på sørsida av Børildvågen er naturbeitemark dominert av gras og kulturmarksplantar. Artssamansetjinga vitnar om tradisjonell drift utan tilførsel av kunstgjødsel. På utsida grensar beitemarka til eksponerte strandberg som går rett i sjøen. På innsida ligg eit lite strandområde der det veks fleire tuer med den nordlege strandplanten grusstarr.

### Karakteristiske artar

Harerug <i>Bistorta vivipara</i>	bråtestarr <i>Carex pilulifera</i>	flekkmarihand <i>Dactylorhiza maculata</i>
hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>	stjernestarr <i>Carex echinata</i>	kattefot <i>Antennaria dioica</i>
glattveronika <i>Veronica serpyllifolia</i>	smallkjempemelde <i>Plantago lanceolata</i>	heisiv <i>Juncus squarrosum</i>
kornstarr <i>Carex panicea</i>	jonsokkoll <i>Ajuga pyramidalis</i>	heiblåfjør <i>Polygala serpyllifolia</i>
slåttestarr <i>Carex nigra</i>	jordnøtt <i>Conopodium majus</i>	blåknapp <i>Succisa pratensis</i>
grusstarr <i>Carex glareosa</i>	kystsmaure <i>Galium saxatile</i>	strandbalderbrå <i>Matricaria maritima</i>
musestarr <i>Carex serotina</i> ssp. <i>pulchella</i>	tiriltunge <i>Lotus corniculatus</i>	fjøresaltgras <i>Puccinellia maritima</i>

### Aktuelle trugsmål

Attgroing med lyng og buskar

### Aktuelle forvaltingstiltak

Halde oppe beitarykket.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 18.06.2002

<b>Lokalitet</b>	11 Nordre Øksnesvågen	
<b>Hovudnaturtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Areal</b> 1,5 da
<b>Undertype</b>	Strandeng (G05)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg på eit nes lengst nord i Øksnesvågen. Dette er eit gammalt kulturlandskap med lynchhei og grasmark som har grodd delvis til med buskar og kratt. Strandvegetasjonen er lite utvikla fordi strandsona stort sett er strandberg som går rett i sjøen og lite lausmassar. I ei lita bukt mellom nokre strandberg ligg det grus og noko finare sand. Stranda ligg eksponert mot vind frå nord og nordvest, men øya Øksa gir stranda ei viss skjerming. Grusstarr, ein nordleg strandplante som er sjeldsynt i Hordaland, veks i nokre få tuer på denne stranda.

#### Karakteristiske artar

Grusstarr <i>Carex glareosa</i>	strandkryp <i>Glaux maritima</i>	bitterbergknapp <i>Sedum acre</i>
musestarr <i>Carex serotina</i> ssp. <i>pulchella</i>	fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i>	fjørekoll <i>Armeria maritima</i>
saltsiv <i>Juncus gerardii</i>	strandkjempe <i>Plantago maritima</i>	hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>
krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i>	skjørbuksurt <i>Cochlearia officinalis</i>	småengkall <i>Rhinanthus minor</i>
rustsivaks <i>Blysmus rufus</i>	strandkjeks <i>Ligusticum scoticum</i>	

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.08.2001

<b>Lokalitet</b>	12 Søre Øksnesvågen	
<b>Hovudnaturtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Areal</b> 3,5 da
<b>Undertype</b>	Brakkvasspoll (G08)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Sør for Øksnesvågen ligg det ei lita tjørn på ca. 50 x 70m. Frå tjørna renn ein liten bekk til sjøen ca. 50 m lenger sør. Bekken er ein tidevassbekk, og høgvatnet når truleg inn til tjørna dagleg. Dreneringa er dårleg og vatnet blir truleg ståande relativt lenge utan å bli utskifta. Det finkorna materialet av tjukk leire sørgar òg for stagnerende fuktigkeit. Leira dannar ein fuktig lausbotn som gir etter dersom ein prøver å gå på den.

Karakteristiske artar som dominerer ytst i sumpen er krypkvein, fjøresivaks og saltsiv. Her er fleire strandplantar som indikerer salt eller brakt miljø. I indre del av tjørna er det nitrofil sumpvegetasjon på overgang til fastmark, med artar som mjødurt, hanekam og strandkjeks. Det er ikkje registrert sjeldne artar i området. Som naturtype er dette likevel eit interessant område med eit intakt økosystem i et lite brakkvassmiljø.

### Karakteristiske artar

Saltsiv *Juncus gerardii*  
krypkvein *Agrostis stolonifera*  
fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*  
fjøresaualuk *Triglochin maritima*

myrsauluk *Triglochin palustris*  
fjøresaltgras *Puccinellia maritima*  
strandkryp *Glaux maritima*  
strandkjeks *Ligusticum scoticum*

hanekam *Lychnis flos-cuculi*  
gulskolm *Lathyrus pratensis*  
mjødurt *Filipendula ulmaria*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.07. og 10.08.2001

<b>Lokalitet</b>	13 Teindalen	
<b>Hovudnaturtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Areal</b> 9 da
<b>Undertype</b>	Brakkvasspoll (G08), Brakkvassdelta (G07)	<b>Verdi</b> B - viktig

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Teindalen går i nordvestleg retning og munnar ut i ein våg aust for Austevågen. Bekken går ikkje rett i sjøen, men endar i eit basseng som står i kontakt med sjøen gjennom ein ca. 150 m lang dreneringskanal. Kanalen er ganske trang og snor seg gjennom lyngheilandskap, kulturskog og bergknausar. Tidevatnet bestemmer retninga på vasstraumen, og ved normalt høgvatn dekker saltvatnet bassenget og når heilt inn til bekken frå Teindalen ca. 250 m frå vågen. Det som er spesielt med lokaliteten dette at det daglege tidevatnet når såpass langt inn over land.

Bassenget der fersk- og saltvatn møtest er langt på veg fylt opp av finkorna sediment av slam og leire. Ved lavvatn blir bassenget tørrlagt og framstår som ei ganske flat slette, men det er òg eit parti som ligg noko høgare.

Høgdeforskjellen er liten, men gir store utslag i neddykkingstid.

På det lavaste nivået som alltid er neddykka ved flo, dominerer fjøresivaks, medan pølstarr er karakteristisk noko høgare oppe (Pølstarr veks der det er finkorna leire og kan danne tette bestand. Arten har ei nordleg utbreiing og er ganske sjeldan her i distriktet). Rustsivaks, som er ein ganske vanleg strandplante i Austrheim, førekjem i mengder. Grusstarr veks sparsamt på det høgaste nivået. Den kontinuerlige tidevasstraumen gjer at deler av bassenget har lite eller ingen vegetasjon men mykje bar leire.

Lokaliteten er særeigen med ein vegetasjonsdynamikk som er styrt av ein langstrakt tidevasskanal. Tidevasskanalen dannar grunnlaget for et lite estuarie og brakkvannsmiljø med fleire artar som er ganske sjeldne i kommunen.

#### Karakteristiske artar

Fjøresivaks <i>Eleocharis uniglumis</i>	musestarr <i>Carex serotina</i> ssp. <i>pulchella</i>	fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i>
rustsivaks <i>Blysmus rufus</i>	krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i>	myrsaulauk <i>Triglochin palustris</i>
pølstarr <i>Carex mackenziei</i>	strandkjempeslætta <i>Plantago maritima</i>	saltsiv <i>Juncus gerardii</i>
grusstarr <i>Carex glareosa</i>	gåsemure <i>Potentilla anserina</i>	raudsvingel <i>Festuca rubra</i>

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.06.2002

<b>Lokalitet</b>	14 Austevågen	<b>Areal</b>	2,2 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kyst og havstrand, Myr	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Austevågen er ein langstrakt, trang våg der sjøen når fleire hundre meter sørover til vis av vis Øksnes. Her ligg det ein terskel som skil Austevågen frå eit vatn endå lengre sør. Tidevatnet passerer terskelen gjennom ein 20 m lang bekke, og dermed når salt påverknaden inn til vegetasjonen omkring dette vatnet. Strandsona er best utvikla lengst i sør, der det ligg ein brakkvassump på finkorna materiale. Det er flest strandplantar nedst i soneringa mot vatnet, og her er fjøresivaks, rustsivaks og pølstarr karakteristiske artar. Inn over land går soneringa gradvis over i ei lita rikmyr med vanleg myrklegg og loppestarr som karakteristiske artar. Bekken som renn inn i vatnet frå sør gir eit betydelig ferskvasstilsig, og spesielt på vestsida finst ein sumpvegetasjon med hanekam, lyssiv og krypkvein. På austsida av bekken er innslaget av strandplantar høgare enn på vestsida.

#### Karakteristiske artar

Fjøresivaks <i>Eleocharis uniglumis</i>	slåttestarr <i>Carex nigra</i>	hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>
rustsivaks <i>Blysmus rufus</i>	beitestarr <i>Carex serotina</i> ssp. <i>pulchella</i>	krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i>
pølstarr <i>Carex mackenziei</i>	gåsemure <i>Potentilla anserina</i>	myrklegg <i>Pedicularis palustris</i>
loppestarr <i>Carex pulicaris</i>	fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i>	lyssiv <i>Juncus effusus</i>

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.06.2002

<b>Lokalitet</b>	15 Hammarsvatnet	<b>Areal</b>	4,6 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Myr	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi
<b>Undertype</b>	Rikmyr (A05)		

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Hammarsvatnet ligg sentralt på Fosnøyna og øvst i vassdraget som renn nordover gjennom Teindalen. I området rundt vatnet er det mest lysthei, men myr dekker flate parti i dalsøkkea. Myr førekjem også i slake skråningar som er påverka av sigevatn. Slike sigevassmyrar har ei tynnare torv som ligg direkte på berget, eventuelt med litt lausmassar mellom. I den austvendte skråninga på nordvestsida av Hammarsvatnet ligg det ei lita rikmyr. Myra følgjer eit fuktig sig i lystheia og kan kjennast att på ei rekke artar av starr som er karakteristiske på rikmyr. Det gjeld loppestarr, engstarr og tvebustarr som er sjeldne artar i Austrheim. Rikmyr førekjem sparsamt i kommunen og berre der det er grunn torv i kontakt med basiske bergartar. Grunnlaget for rikmyra ved Hammarsvatnet er mest sannsynleg ein førekomst av gabbro i berggrunnen.

### Karakteristiske artar

Loppestarr <i>Carex pulicaris</i>	stjernestarr <i>Carex echinata</i>	rome <i>Narthecium ossifragum</i>
engstarr <i>Carex hostiana</i>	dvergjamne <i>Selaginella selaginoides</i>	skogsnelle <i>Equisetum sylvaticum</i>
tvebustarr <i>Carex dioica</i>	småblærerot <i>Utricularia minor</i>	trollhegg <i>Frangula alnus</i>
slåttestarr <i>Carex nigra</i>	ryllsiv <i>Juncus articulatus</i>	myrstjernemose <i>Campylium stellatum</i>
kornstarr <i>Carex panicea</i>	småpiggknopp <i>Sparganium minimum</i>	
grønnstarr <i>Carex demissa</i>	blåknapp <i>Succisa pratensis</i>	

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.06.2002

<b>Lokalitet</b>	16 Ulvikevatnet	
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Area</b> 16,5 da
<b>Undertype</b>	Rik kulturlandskapssjø (E08)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi

#### **Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Ulvikavatnet ligg på den nordaustlege delen av Fosnøy. Vatnet ligg berre 18 m o.h., men er likevel det øvste i vassdraget som renn sørover og ut i Finnsvågen i indre Austrheimsvågen. Ulvikevatnet ligg i eit llynghiområde som er delvis tilplanta med kulturskog. Særlig langs vestsida av vatnet er det tettvokst buskfuruplanting. Ved utløpet i søraust er det ein del attgroingsmyr, men elles er det sparsamt med torv og sumpvegetasjon i strandkanten. Botnen består av ein steinete grunn, og det veks mykje sjøsivaks langs delar av stranda, særlig i sør, vest og nord. Dette halvgraset er halvannan meter høgt og veks helst eit par meter ut frå kanten av vatnet, på ein halvmeters djup, godt sikra mot tørrlegging.

Ulvikevatnet er ingen typisk rik kulturlandskapssjø, men denne kategorien passar likevel best. Førekomsten av sjøsivaks er avgjerande for at lokaliteten er kartfesta.

#### **Karakteristiske artar**

Sjøsivaks *Schoenoplectus lacustris*, flaskestarr *Carex rostrata*, mannasøtgras *Glyceria fluitans*, pors *Myrica gale*

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 08.10.2002

<b>Lokalitet</b>	17 Dyrneset	
<b>Hovudnaturtype</b>	Rasmark, berg og kantkratt	<b>Areal</b> 1,3 da
<b>Undertype</b>	Sørvendt berg (B01)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi

#### **Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering**

Lokaliteten ligg like innanfor Dyrneset, der vegen kryssar sundet, på sørvestsida av Fosnøyna. Vegen går langs ein bratt, ørvendt bergvegg. Her er lokalklimaet relativt gunstig med god skjerming mot nordlege vindretningar. Berggrunnen er noko skifrig og inneholder næringsrik gabbro. I bergskråninga inngår nokre artar som ikkje er registrert andre stader i kommunen, vårmarihand, storblåfjør og prestekrage.

#### **Karakteristiske artar**

Vårmarihand *Orchis mascula*, storblåfjør *Polygala vulgaris*, prestekrage *Leucanthemum vulgare*, purpurlyng *Erica cinerea*, småengkall *Rhinanthus minor*

#### **Aktuelle trugsmål**

Lokaliteten er generelt utsett for inngrep og forstyrningar fordi den ligg i vegkanten.

<b>Registrert</b>	Bjørn Moe	<b>Dato</b> 18.06.2002
<b>av</b>		

<b>Lokalitet</b>	18 Austre Lerøyna	<b>Areal</b>	6,2 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Skog	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

På søravstysida av Lerøyna går det ein bratt berghammar som vender sørover mot Littleosen. På flata i overkant av berget er det eit hus med tilhøyrande hage. I den bratte skråninga nedanfor denne hagen ligg det ein liten eikeskog, om lag 150 x 50 m i utstrekning. Trea er kortvokste, ca. 10 m høge, med skeive stammar. Vekstforma har samanheng med at lokaliteten er utsett for kraftig vindpress. Diameteren på stammene er opptil 30 cm. Det inngår noko hassel i eikeskogen. Skogen er svært tettvokst og er truleg ikkje planta. Vegetasjonen er elles totalt dominert av gras, særleg engkvein, smyle, hundegras og gulaks. Dette har samanheng med beitepåverknaden.

Lokaliteten er kartlagt som gammal lauvskog trass i at trea ikkje kan vere særleg gamle, men Eikeskog av denne typen er sjeldan i Austrheim.

### Karakteristiske arter

Engkvein *Agrostis capillaris*  
smyle *Deschampsia flexuosa*  
hundegras *Dactylis glomerata*  
raudsvingel *Festuca rubra*

gulaks *Anthoxanthum odoratum*  
storfrytle *Luzula sylvatica*  
gaukesyre *Oxalis acetosella*  
stornesle *Urtica dioica*

vrangdå *Galeopsis bifida*  
knollerteknapp *Lathyrus linifolius*

Registrert av Bjørn Moe

**Dato** 10.08.2001

<b>Lokalitet</b>	19 Lerøyna	<b>Areal</b>	140 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi
<b>Undertype</b>	Naturbeitemark (D04)		

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lerøyna er den ytste av ei lita rekkje øyar sørvest for Austrheimsvågen. Øya er busett på austsida, medan den vestlige delen er eit naturområde utan vegtilkomst. På nordsida er terrenget småkupert med strandberg som går rett i sjøen. På sørsida grensar området til Vaulen som er ei lang, trang og innestengt bukt med grunt vann. Området sør for Vaulen er tilplanta med sitkagran, og denne delen er holdt utanfor lokaliteten.

Lokaliteten består av gammal beitemark som blir halden delvis i hevd. Området inneholder ei lang rekkje kulturmarksartar i ein vegetasjon dominert av gras eller lyng. Nokre stader er marka sterkt nedbeita, andre parti er nokså attgrodde med høg og grov røsslyng, buskar og kratt. Det går sauher i området.

### Karakteristiske artar

Kusymre <i>Primula vulgaris</i>	teiebær <i>Rubus saxatilis</i>	lyngaugentroyst <i>Euphrasia micrantha</i>
bleikstarr <i>Carex pallescens</i>	skogstorkenebb <i>Geranium sylvaticum</i>	mjølbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i>
geitsvingel <i>Festuca vivipara</i>	blåknapp <i>Succisa pratensis</i>	smalkjempe <i>Plantago lanceolata</i>
gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>	kystgrisøyre <i>Hypochoeris radicata</i>	kystmaure <i>Galium saxatile</i>
dvergsmyle <i>Aira praecox</i>	tepperot <i>Potentilla erecta</i>	blåkoll <i>Succisa pratensis</i>
storfrytle <i>Luzula sylvatica</i>	blåklokke <i>Campanula rotundifolia</i>	legeveronika <i>Veronica officinalis</i>
heisiv <i>Juncus squarrosus</i>	tiriltunge <i>Lotus corniculatus</i>	jonsokkoll <i>Ajuga pyramidalis</i>
jordnøtt <i>Conopodium majus</i>		

### Aktuelle trugsmål

Attgroing ved redusert beite.

### Aktuelle forvaltingstiltak

Rydde bort buskar og kratt. Opprettholde beitetetrykket.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.08.2001

<b>Lokalitet</b>	20 Åsetjørna	<b>Areal</b>	27 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Åsetjørna (13 m o.h.) ligg i øvre del av Førlandsvassdraget og har drenering soraustover. Tjørnet tilhører eit jordbruksområde og er omgitt av beitemark og slåttemark. Kulturmarka blir gjødsla, noko som fører til tilsig av næringsstoff til vatnet og dermed ein auke i produksjonen. Åsetjørna har vore større tidlegare, men overflata på vatnet blir redusert i takt med attgroinga. Strandrøyra er ein viktig art i attgroinga saman med flaskestarr og trådstarr. Desse står yst i soneringa, og nokre stader er det òg mykje elvesnelle. Lenger inne i sumpen finst ei rekke typiske artar som selsnepe, myrklegg, myrhatt, grøftesoleie og andre sumpplantar. Nokre stader veks selsnepe heilt ute i vasskanten blant strandrøyra. I sørenden av vatnet har det skjedd ei attgroing som har gått over i torvdanning med myrvegetasjon.

#### Karakteristiske artar

Flaskestarr <i>Carex rostrata</i>	strandrøyra <i>Phalaris arundinacea</i>	andmat <i>Lemna minor</i>
trådstarr <i>Carex lasiocarpa</i>	elvesnelle <i>Equisetum fluviatile</i>	hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>
gråstarr <i>Carex canescens</i>	gul nokkerose <i>Nuphar lutea</i>	gulldusk <i>Lysimachia thyrsiflora</i>
stolpestarr <i>Carex juncella</i>	selsnepe <i>Cicuta virosa</i>	grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i>
torvull <i>Eriophorum vaginatum</i>	vanleg myrklegg <i>Pedicularis palustris</i>	soleihov <i>Caltha palustris</i>
duskull <i>Eriophorum angustifolium</i>	myrhatt <i>Potentilla palustris</i>	

Registrert av Bjørn Moe

Dato 18.06.2002

<b>Lokalitet</b>	21 Førlandsvatnet	<b>Areal</b>	18 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi
<b>Undertype</b>	Rik kulturlandskapssjø (E08), Viktig bekkedrag (E06)		

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Førlandsvatnet (12 m o.h.) er eit langt, smalt vatn som ligg i eit gammalt kulturlandskap, omgitt av beitemark med lyng- og grasmark og ein del myr. På langsida av vatnet er det lite eller ingen vegetasjon, og her er det stort sett lyngmark heilt til vasskanten. Vatnet er delt i to trange bukter i søraust, og her går utløpet over i ein stilleflytande bek. I desse buktene er det innslag av rik sumpvegetasjon med artar som elvesnelle, gulldusk, myrhatt, grøftesoleie, krypkvein, hanekam og andmat. Her finst eit par store, gamle tuer av selsnepe, og i tillegg nokre mindre plantar som virkar nyetablerte. Det ser ut til at arten er i spreiing. Sumpvegetasjonen held fram langs bekken, og her renn vatnet i rolege stryk i det flate terrenget. Langs bekken veks det mykje mannasøtgras og sterile plantar av takrøyrs. Selsnepe finst rikelig langs kanten av bekken (nokre var tydelig beita). Mot søraust blir det gradvis meir kulturskog med gran, og ca. 250 m frå utløpet er det tettvokst granskog. Sitkagrana sprer seg kraftig.

### Karakteristiske artar

Elvesnelle <i>Equisetum fluviatile</i>	grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i>	takrøyrs <i>Phragmites australis</i>
myrhatt <i>Potentilla palustris</i>	krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i>	mannasøtgras <i>Glyceria fluitans</i>
gulldusk <i>Lysimachia thyrsiflora</i>	hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>	sløke <i>Angelica sylvestris</i>
flaskestarr <i>Carex rostrata</i>	trådstarr <i>Carex lasiocarpa</i>	kjempemeggknopp <i>Sparganium erectum</i>
selsnepe <i>Cicuta virosa</i>	andmat <i>Lemna minor</i>	

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.10.2002

<b>Lokalitet</b>	22 Lindåsvatnet		
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b>	25 da
<b>Undertype</b>	Rik kulturlandskapssjø (E08)	<b>Verdi</b>	B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Bekken frå Førlandsvatnet (12 m o.h.) renn ut i den nordvestlege bukta av Lindåsvatnet (7 m o.h.). Dette er ein kulturlandskapssjø som er omgitt av noko beitemark, men det er òg mykje skog i området, for det meste kulturskog med planta gran. Der kulturskogskogen veks nær vatnet går det fastmark langt ut, spesielt på aust- og søraustsida av vatnet.

Der det har det skjedd ei naturleg etablering av tre og buskar finn vi spesielt øyrevier, selje og bjørk. Desse treslagene veks gjerne på fuktige stader i sumpen. På vestsida av vatnet er det ei brei sone med sumpvegetasjon som har blitt dannet ved attgroing. Sumpplantar som dannar meir eller mindre markerte belte rundt vatnet er elvesnelle, flaskestarr, gulldusk og myrhatt. Selsnepe førekjem i mengder meir eller mindre samanhengande rundt heile vatnet. Planten står gjerne ytst i sona der sumpvegetasjonen grensar mot det opne vatnet. Selsnepe dominerer oftest innanfor eit belte på 2 m. Dette er gjerne 1-2 m utanfor det nivået der det blir beita. Beitingen er avgrensa til den nordlege og vestlege delen av Lindåsvatnet.

Vatnet har fine soneringar i sumpvegetasjonen, og på denne bakgrunnen er lokaliteten prioritert som viktig.

### Karakteristiske artar

Selsnepe <i>Cicuta virosa</i>	kjempepigknopp <i>Sparganium erectum</i>	dikevasshår <i>Callitrichia stagnalis</i>
myrklegg <i>Pedicularis palustris</i>	gråstarr <i>Carex canescens</i>	klovasshår <i>Callitrichia hamulata</i>
elvesnelle <i>Equisetum fluviatile</i>	bekkestjerneblom <i>Stellaria alsine</i>	kvit nøkkerose <i>Nymphaea alba</i>
gulldusk <i>Lysimachia thyrsiflora</i>	strandrøyrs <i>Phalaris arundinacea</i>	gul nøkkerose <i>Nuphar lutea</i>
myrhatt <i>Potentilla palustris</i>	myrmaure <i>Galium palustre</i>	vanleg tjønnaks <i>Potamogeton natans</i>
soleihov <i>Caltha palustris</i>	hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>	
andmat <i>Lemna minor</i>	bukkeblad <i>Menyanthes trifoliata</i>	

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.10.2002

<b>Lokalitet</b>	23 Solevatnet	<b>Areal</b>	50 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Verdi</b>	A - svært viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Solevatnet (3 m o.h.) ligg i dalen der Hjertåselva renn i søraustleg retning fra Årås med utløp i Førlandsvågen. I heile nedslagsfeltet til vatnet er det aktiv drift i jord- og skogbruket. Det er beitemark rundt storparten av vatnet med unntak av eit parti på austsida der kulturskogen går heilt ut til strandsona. Tilsiget av næringsstoff til vatnet er betydelig. Det ligg lausmassar i stranda langs heile vatnet, nokre stader finkorna sand og grus, andre stader grovt materiale av stein. Heilt i nord, der bekken kjem inn, er det ein del leire i strandsona. Her er det spesielt mykle trakk frå beitedyr.

Botnforholda er faste, og nokre stader er det mogleg å vasste utover i vatnet på den langgrunne stranda.

Eit starrbelte pregar strandsona langs vatnet, og her dominerer flaskestarr, medan gråstarr står meir spreidd. Lengst i nord er det ein førekommst av sennegras. Sumpplantar med lange skot er mest utbreidde i søraust, der bekken renn ut, og her finst artar som kjempepigknopp, guldusk og åkersvinerot. Selsnepe er også karakteristisk her, og veks i tillegg langs stranda på sørvestsida av vatnet, på stader der det ikkje er for grunt.

Der det er langgrunt er det forhold for små plantar som veks på mudderbotn. Desse krev godt med lys og tåler ikkje konkurranse frå store starrartar og andre sumpplantar. Den sjeldne skaftevjeblom finst i store mengder på begge sider og i nordenden av vatnet. Planten er eittårig, noko som truleg inneber store svingingar i bestanden frå år til år. Andre karakteristiske artar i dette miljøet er dikevasshår og kildeurt.

Fordi Solevatnet inneheld både langgrunn mudderstrand og sumpvegetasjon på djupare botn med fleire sjeldne artar, er området prioritert som svært viktig.

### Registrerte raudlisteartar

Skaftevjeblom *Elatine hexandra* (DC)

### Karakteristiske artar

Flotgras *Sparganium angustifolium*  
guldusk *Lysimachia thyrsiflora*  
gul nøkkerose *Nuphar lutea*  
soleihov *Caltha palustris*  
selsnepe *Cicuta virosa*  
elvesnelle *Equisetum fluviatile*  
flaskestarr *Carex rostrata*  
gråstarr *Carex canescens*

sennegras *Carex vesicaria*  
krypkvein *Agrostis stolonifera*  
åkersvinerot *Stachys palustris*  
rusttjønnaks *Potamogeton alpinus*  
andemat *Lemna minor*  
dikevasshår *Callitricha stagnalis*  
hanekam *Lychnis flos-cuculi*  
kildeurt *Montia fontana*

kjempepigknopp *Sparganium erectum*  
vasspepper *Persicaria hydropiper*  
brønnkarse *Rorippa palustris*  
grøftesoleie *Ranunculus flammula*  
amerikamjølke *Epilobium adenocaulon*  
mjødurt *Filipendula ulmaria*  
elvemose *Fontinalis antipyretica*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 17.06.2002

<b>Lokalitet</b>	24 Åråsvatnet	<b>Areal</b>	27 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi
<b>Undertype</b>	Rik kulturlandskapssjø (E08)		

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Åråsvatnet (12 m o.h.) er det øvste vatnet i vassdraget som drenerer mot Solevatnet og Førlandsvågen. Vatnet har ikkje noko tydelig bekkeinnløp, men fleire mindre tilsig frå skråningar omkring. Tilsiget kjem frå dyrka mark som er påverka av gjødsling, særleg frå nordvestsida av området. Det er frå denne sida attgroinga har nådd lengst ut i vatnet. Nokre dominante artar som dannar eit belte rundt vatnet er flaskestarr, elvesnelle og bukkeblad. Her er elles ei rekke vanlege sumpplantar som veks meir spreidd.

### Karakteristiske artar

Flaskestarr <i>Carex rostrata</i>	kjempepigknopp <i>Sparganium erectum</i>	myrmjølke <i>Epilobium palustre</i>
slåttestarr <i>Carex nigra</i>	soleihov <i>Caltha palustris</i>	amerikamjølke <i>Epilobium adenocaulon</i>
strandrøyrs <i>Phalaris arundinacea</i>	sumpmaure <i>Galium uliginosum</i>	grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i>
mannasøtgras <i>Glyceria fluitans</i>	gul nøkkerose <i>Nuphar lutea</i>	andemat <i>Lemna minor</i>
elvesnelle <i>Equisetum fluviatile</i>	kvit nøkkerose <i>Nymphaea alba</i>	istervier <i>Salix pentandra</i>
bukkeblad <i>Menyanthes trifoliata</i>	hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>	
gulldusk <i>Lysimachia thyrsiflora</i>	myrhatt <i>Potentilla palustris</i>	

Registrert av Bjørn Moe

Dato 17.06.2002

<b>Lokalitet</b>	25 Årås		
<b>Hovudnaturtype</b>	Skog	<b>Areal</b>	18 da
<b>Undertype</b>	Brannfelt (F10)	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Ved Årås braut det ut ein liten skogbrann for ca. 15 år sidan. Brannen gjekk over ein rygg med bergfuru, og storleiken på feltet er ca. 250 x 80 m. Det var til dels kraftig kronebrann som førte til at nokre tre døydde umiddelbart. Det var òg stammebrann der trea vart kraftig skadde, men truleg overlevde ei stund. Det er mykje sotmerke på det som er att av bark på dei skadde og utbrente trea. Om lag halvparten av barken har no falle av stammene.

I vegetasjonen er blåtopp ein dominerande art, og etter brannen har denne arten truleg ekspandert på bekostning av lyngen. Plantane av både røsslyng og klokelyng er småvokste og lite forveda, og desse lyngartene er på veg tilbake. Purpurlyng har fått betre vilkår etter brannen og ser ut til å ha ekspandert, særleg på solvarme stader som vender mot sørvest. Andre karakteristiske artar som har hatt framgang etter brannen er bråtestarr, geitrams, bringebær og fagerperikum. Små, juvenile plantar av selje og sitkagran førekjem spreidd. Vegmose er ein tidleg pioner som spreir seg svært raskt dei første åra etter ein brann. I dette feltet finst den framleis, men berre på stader med bare jordflekkar. Elles i brannfeltet er vegmose blitt utkonkurrert. Skogbrann er sjeldan i Austrheim, og som naturtype har lokaliteten ein viss verdi. Men fordi det dreier seg om ein brann i kulturskog, er lokaliteten berre vurdert å ha lokal verdi.

### Karakteristiske artar

Blåtopp <i>Molinia caerulea</i>	kornstarr <i>Carex panicea</i>	fagerperikum <i>Hypericum pulchrum</i>
purpurlyng <i>Erica cinerea</i>	stjernestarr <i>Carex echinata</i>	geitrams <i>Epilobium angustifolium</i>
mjølbær <i>Arctostaphylos uva-ursi</i>	bråtestarr <i>Carex pilulifera</i>	blåknapp <i>Succisa pratensis</i>
tyttebær <i>Vaccinium vitis-idaea</i>	smyle <i>Deschampsia flexuosa</i>	perlevintergrøn <i>Pyrola minor</i>
rome <i>Narthecium ossifragum</i>	geitsvingel <i>Festuca vivipara</i>	bringebær <i>Rubus idaeus</i>
storbjønnskjegg <i>T.c. germanicum</i>	flekkmarihand <i>Dactylorhiza maculata</i>	vegmose <i>Ceratodon purpureus</i>

Registrert av

Bjørn Moe

Dato 08.10.2002

<b>Lokalitet</b>	26 Vaulen	<b>Areal</b>	10 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Verdi</b>	B - viktig

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vaulen er eit brakkvassbasseng som har kontakt med sjøen (Gassevågen) gjennom ein ca. 20 m lang tidevasskanal. Høgdeforskjellen i forhold til sjøen er ein knapp meter, og høgvatnet går difor dagleg inn i bassenget. Vatnet er likevel innestengt med dårlig utskifting. I den finkorna leira blir det difor eit oksygenfattig miljø. Det fører til at akkumulering av organiske sediment som blandar seg med slammet slik at vatnet blir svært grumsete. I dette brakkvannsmiljøet er havgras karakteristisk, og planten veks helst litt nede i vatnet. Havgras finst i store mengder, til dels også flytande på overflata.

Vaulen ligg i eit beitemarksområde med mykje trakk og erosjon i vasskanten, spesielt langs vestsida. Jorda blir dermed tilført gjødsel, og det finst en del nitrofile artar her som mannasøtgras, bekkestjerneblom, vasspepper og kildeurt. Pølstarr er ein karakteristisk art på leirjord i dette brakkvatnet.

Det finst fleire brakkvasspollar i Austrheim, men Vaulen er den største. Dette er elles ein forholdsvis sjeldan naturtype i fylket. Lokaliteten er difor verdisett som viktig.

#### Karakteristiske artar

Skjoldberar <i>Scutellaria galericulata</i>	soleihov <i>Caltha palustris</i>	mannasøtgras <i>Glyceria fluitans</i>
fjøresivaks <i>Eleocharis uniglumis</i>	myrhatt <i>Potentilla palustris</i>	småengkall <i>Rhinanthus minor</i>
sumpsivaks <i>Eleocharis palustris</i>	bekkestjerneblom <i>Stellaria alsine</i>	myrsaulauk <i>Triglochin maritima</i>
pølstarr <i>Carex mackenziei</i>	vanleg myrklegg <i>Pedicularis palustris</i>	grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i>
flaskestarr <i>Carex rostrata</i>	myrmjølke <i>Epilobium palustre</i>	vasspepper <i>Persicaria hydropiper</i>
havgras <i>Ruppia maritima</i>	krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i>	sumpmaure <i>Galium uliginosum</i>

Registrert av Bjørn Moe

Dato 10.08.2001

<b>Lokalitet</b>	27 Setevika	
<b>Hovudnaturtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Areal</b> 2,5 da
<b>Undertype</b>	Brakkvasspoll (G08)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

På sørsida av Setevika ligg eit ca. 40 x 80 m stort brakkvassbasseng. Bassenget ligg 1 m o.h. og har kontakt med sjøen gjennom ein 10 m lang tidevassbekk. Vatnet i bassenget er 0,5-1,0 m djupt og har steinbotn med eit lag av finare mudder i nordlege delen. Havgras er ein karakteristiske art i brakkvatn av denne typen. Arten veks neddykka i store mengder i heile bassenget.

Rundt bassenget er det strandvegetasjon som dannar ei kantsone på ca. 3 m. Her finst fjøresivaks og andre vanlege strandplanter.

#### Karakteristiske arter

Hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>	sumpsivaks <i>Eleocharis uniglumis</i>	strandkryp <i>Glaux maritima</i>
krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i>	grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i>	havgras <i>Ruppia maritima</i>

#### Eksisterande inngrep

Strandsona er mykje tilplanta med gran.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 19.06.2002

<b>Lokalitet</b>	28 Ved Alisholmen	
<b>Hovudnaturtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Areal</b> 9 da
<b>Undertype</b>	Strandeng (G05)	<b>Verdi</b> B - viktig

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg i ei bukt nord for Kvalvågstraumen. Bukta er langgrunn og godt skjerma av nokre småholmar like utanfor, der Alisholmen er den største. I tidevassona ligg det rikelig med lausmassar av sand, grus og stein som gir grunnlag for ein velutvikla strandvegetasjon. Ytst i soneringa står strandkryp, strandkjempe, strandstjerne og fjøresaltgras, medan saltsiv førekjem litt lenger inne og ved små vasspølar (saltpanner) der vatnet blir ståande å fordampe. I den søraustlege delen av bukta veks det nokre tuer med grusstarr saman med knopparve. Den epilittorale sona er dominert av nitrofile artar som skjoldberar, gåsemure, hanekam og mjødurt.

#### Karakteristiske artar

Grusstarr <i>Carex glareosa</i>	saltsiv <i>Juncus gerardii</i>	hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>
knopparve <i>Sagina nodosa</i>	strandstjerne <i>Aster tripolium</i>	skjoldberar <i>Scutellaria galericulata</i>
strandkryp <i>Glaux maritima</i>	rustsivaks <i>Blysmus rufus</i>	gåsemure <i>Potentilla anserina</i>
strandkjempe <i>Plantago maritima</i>	fjorekoll <i>Armeria maritima</i>	raudsvingel <i>Festuca rubra</i>
fjøresaltgras <i>Puccinellia maritima</i>	kystbergknapp <i>Sedum anglicum</i>	
fjøresaualuk <i>Triglochin maritima</i>	småengkall <i>Rhinanthus minor</i>	

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.06.2002

<b>Lokalitet</b>	29 Aust for Vardetangen	<b>Areal</b>	11 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Verdi</b>	B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg i bukta der bekken frå Purkebolsvatnet (Kvernhuselva) renn ut i sjøen. Bukta er ganske vid med ei strand som ligg eksponert til, spesielt mot vind frå nordvest. Lausmassane består av ein del grovt materiale, og her er parti med rullesteinstrand. Imellom finst ein del finare materiale av grus og sand. Strandkjeks, knortestarr og havstarr er karakteristiske artar blant stein og rotnande tang. Her er elles andre nitrofile artar. Lokaliteten er stor og har ein variert strandvegetasjon, med strandplantar som stort sett er vanlege i Austrheim.

### Karakteristiske artar

Strandkryp <i>Glaux maritima</i>	havstarr <i>Carex paleacea</i>	skjørbuksurt <i>Cochlearia officinalis</i>
saltsiv <i>Juncus gerardii</i>	musestarr <i>C. serotina pulchella</i>	skjoldberar <i>Scutellaria galericulata</i>
fjøresaulauk <i>Triglochin maritima</i>	knortestarr <i>Carex otrubae</i>	småengkall <i>Rhinanthus minor</i>
myrsaulauk <i>Triglochin palustris</i>	gråstarr <i>Carex canescens</i>	strandbalderbrå <i>M. m. maritima</i>
strandstjerne <i>Aster tripolium</i>	rustsivaks <i>Blysmus rufus</i>	gulldusk <i>Lysimachia thyrsiflora</i>
krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i>	gåsemure <i>Potentilla anserina</i>	strandkjeks <i>Ligusticum scoticum</i>
fjøresaltgras <i>Puccinellia maritima</i>	strandkjempe <i>Plantago maritima</i>	hanekam <i>Lychnis flos-cuculi</i>
fjøresivaks <i>Eleocharis uniglumis</i>	fjøresivaks <i>Eleocharis uniglumis</i>	

### Eksisterande inngrep

Det ligg ei hytte i utkanten av stranda.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.07.2001

<b>Lokalitet</b>	30 Kvernhusvika	<b>Areal</b>	5 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Verdi</b>	B - viktig
<b>Undertype</b>	Viktig bekkedrag (E06)		

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Kvernhuselva er eit ca. 500 m langt bekkedrag mellom sjøen og Purkebolsvatnet (4,5 m o.h.). Bekken renn gjennom eit område med beitemark av både lystheig og grasmark. Området er relativt flatt og bekken har nokre meanderande parti. Det er gjort gjort tiltak for å betre gjennomstrøyminga av vatnet i bekken. Ein del massar har blitt gravd opp slik at sjøørret lettare skal kunne gå opp i Purkebolsvatnet. Herfrå kan fisken gå vidare til Klebakksvatnet, Altersvatnet og Ævatnet. Bekken er eit viktig bindeledd mellom sjøen og relativt store område med ferskvatn og tilhøyrande fiskeplassar.

I bekken finst ein del vassplantar neddykka i vannmassene, slik som tusenblad, blærerot, klovasshår og dikevasshår. Det er stadvis ein frodig sumpvegetasjon langs bekken, med artar som sverdlilje og gulldusk.

### Karakteristiske artar

Gulldusk *Lysimachia thyrsiflora*  
soleihov *Caltha palustris*  
myrhatt *Potentilla palustris*  
grøftesoleie *Ranunculus flammula*  
skjoldberar *Scutellaria galericulata*  
sverdlilje *Iris pseudacorus*  
mannasøtgras *Glyceria fluitans*

flotgras *Sparganium angustifolium*  
tusenblad *Myriophyllum alterniflorum*  
dikevasshår *Callitricha stagnalis*  
klovasshår *Callitricha hamulata*  
sløke *Angelica sylvestris*  
gråstarr *Carex canescens*  
sumpsivaks *Eleocharis palustris*

bukkeblad *Menyanthes trifoliata*  
kildeurt *Montia fontana*  
blærerot *Utricularia* sp.  
botnegras *Lobelia dortmanna*  
elvesnelle *Equisetum fluviatile*

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.07.2001

<b>Lokalitet</b>	31 Purkebolsvatnet	<b>Areal</b>	59 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Verdi</b>	B - viktig
<b>Undertype</b>	Rik kulturlandskapssjø (E08), Mudderbank (E02)		

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Purkebolsvatnet ligg berre 4 m o.h., og ein kan difor rekne med at botnen inneheld ein del marine sediment som leire og skjelsand. Miljøet rundt vatnet består av beitemark i attgroing som går heilt ut mot kanten av vatnet. Grensa mellom beitemarka og vatnet kan vere skarp. Nokre stader veks det flaskestarr langs breidda av vatnet, men mest iaugnfallande er førekommstane av takrøy. Det veks eit svært stort bestand av takrøy i ca. 200 m utstrekning langs nordvestsida av vatnet. Breidda på bestanden varierer mellom 20 og 30 m, og dette er den klart største takrøyførekommsten i Austrheim. Høgda på stråene når jamt over 2,5 m, medan de høgaste er 3 m. Stråa er fertile og verkar svært livskraftige. Marka innanfor takrøybestanden er tilplanta med sitkagran, som i dag blitt til ein stor og tettvokst skog. Kulturskogen skjermar takrøybestanden mot ver og vind, noko som kan forklare kvifor stråa er så høge.

Takrøy veks òg i bukta i søraust, men denne førekommsten er mindre. Strandsona lenger nord, langs austsida av Purkebolsvatnet, består av grunt vatn med noko mudra botn. Her finst ei kortskotstrand med dei karakteristiske artane botnegras og tjønngras.

### Karakteristiske artar

Takrøy <i>Phragmites australis</i>	sumpsivaks <i>Eleocharis palustris</i>	mannasøtgras <i>Glyceria fluitans</i>
botnegras <i>Lobelia dortmanna</i>	elvesnelle <i>Equisetum fluviatile</i>	dikevasshår <i>Callitrichia stagnalis</i>
tjønngras <i>Littorella uniflora</i>	krypkvein <i>Agrostis stolonifera</i>	flaskestarr <i>Carex rostrata</i>
grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i>	gulldusk <i>Lysimachia thyrsiflora</i>	ryllsiv <i>Juncus articulatus</i>

### Andre spesielle førekomstar

Takrøyførekommsten er overnattingsplass for låvesvale (ein av dei største kjende i landet).

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.10.2002

<b>Lokalitet</b>	32 Klebakvatnet	
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b> 25 da
<b>Undertype</b>	Rik kulturlandskapssjø (E08)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Klebakvatnet (4,5 m o.h.) ligg tett ved Purkebolsvatnet, og det er berre ei lita vegfylling som skil dei. Vatnet tilhører eit kulturlandskap med beitemark som går heilt til vasskanten. Nokre stader er marka tilplanta med sitkagran. Det er spreidde bestandar av takrøyrs i vatnet, men elles er det lite sumpvegetasjon i kanten. Det største bestandet av takrøyrs står i søraust. Planten dekker heile bukta i eit ca. 5 m breitt belte. Stråa er høgreiste, minst 2,5 m, sjeldan opp til 3 m. Takrøyrs førekjem også i fire andre bestander som er noko mindre. Bestandet i nordvest heng saman med det som står i søraustlege del av Purkebolsvatnet.

#### Karakteristiske artar

Takrøyrs *Phragmites australis*  
andematt *Lemna minor*  
dikevasshår *Callitrichia stagnalis*

kildeurt *Montia fontana*  
mannasøtgras *Glyceria fluitans*  
elvesnelle *Equisetum fluviatile*

sverdlilje *Iris pseudacorus*

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 08.10.2002

<b>Lokalitet</b>	33 Altersvatnet	
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b> 41 da
<b>Undertype</b>	Mudderbank (E02)	<b>Verdi</b> C - lokal verdi

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Altersvatnet ligg så vidt over Purkebolsvatnet og mellom dei går det ein stilleflytande, ca. 40 m lang bekk. Vatnet ligg i eit gammalt kulturlandskap med lyngmark som er delvis tilgrodd med tre og buskar. Her er òg ein del myr som stadvis går ut i vatnet, spesielt i nord. Langs den sørvestlege og sørlege bukta består strandsona av stein og mudder. Kortskotplanten tjønngras dominerer på botnen ut til ca. 30 cm djup. Elles er det mykje flaskestarr og andre vanlege sumpplanter i vatnet.

#### Karakteristiske artar

Flaskestarr <i>Carex rostrata</i>	myrhatt <i>Potentilla palustris</i>	myrhatt <i>Menyanthes trifoliata</i>
tjønngras <i>Littorella uniflora</i>	klovasshår <i>Callitricha hamulata</i>	gulldusk <i>Lysimachia thyrsiflora</i>
sumpsivaks <i>Eleocharis palustris</i>	grøftesoleie <i>Ranunculus flammula</i>	

Registrert av Bjørn Moe

Dato 08.10.2002

<b>Lokalitet</b>	34 Vestretjørna	
<b>Hovudnaturtype</b>	Ferskvatn/våtmark	<b>Areal</b> 9 da
<b>Undertype</b>	Rik kulturlandskapssjø (E08)	<b>Verdi</b> B - viktig

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vestretjørna ligg sør for Fonnes og har drenering sørover ein liten bekkeløp mot Hergrevikane. Vatnet manglar innløp, men har tilsig frå skåningar i nord og vest. Tilsiget frå nord kjem frå ei gjødsla slåttemark, og dette fører til eutrofiering, dvs. at vatnet blir næringsrikt. Eutrofieringa er årsaka til den svært frodige kantvegetasjonen i vatnet. Sverdlilje dominerer sterkt, og førekjem i uvanleg store mengder. Plantane er også større enn normalt, ofte 1,5 m høge. Frå det opne vatnet strekker sona med sverdlilje seg inn til ei sone med øyrevier i kanten av slåttemarka. Denne busken blir her fleire meter høg. Ute i vatnet er det mengder med flytebladplantar som gul og kvit nøkkerose og tjønnaks. Tjørna er ganske artsrik, men dei fleste av sumpplantane er vanlege. Lokaliteten er vurdert som viktig pga. den uvanleg frodige førekomsten av sverdlilje.

### Karakteristiske artar

Sverdlilje *Iris pseudacorus*  
flaskestarr *Carex rostrata*  
trådstarr *Carex lasiocarpa*  
strandrøyr *Phalaris arundinacea*  
hanekam *Lychnis flos-cuculi*  
myrhatt *Potentilla palustris*  
grøftesoleie *Ranunculus flammula*

soleihov *Caltha palustris*  
gulldusk *Lysimachia thyrsiflora*  
andmat *Lemna minor*  
sløke *Angelica sylvestris*  
bukkeblad *Menyanthes trifoliata*  
vanleg tjønnaks *Potamogeton natans*  
mannasøtgras *Glyceria fluitans*

amerikamjølke *Epilobium adenocaulon*  
myrmjølke *Epilobium palustre*  
myrmaure *Galium palustre*  
kvit nøkkerose *Nymphaea alba*  
gul nøkkerose *Nuphar lutea*  
øyrevier *Salix aurita*

### Eksisterande inngrep

Langs austsida av tjørna går det ein gammal sti som er tildels oppmurt langs vatnet.

**Registrert av** Bjørn Moe

**Dato** 19.06.2002

<b>Lokalitet</b>	35 Ved Søre Straumhaugen	<b>Areal</b>	1,2 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap	<b>Verdi</b>	B - viktig

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg like ved hovudvegen, ca. 300 m nord for Fonnesstraumen. Her har det nylig blitt laga eit vegkryss og ein uferdig veg utover mot Vardetangen. På nordsida av krysset veks det kvitpestrot. Førekomensten har ei utstrekning på ca. 10 x 10 m, og dei store, karakteristiske blada dekker til saman ca. 40 m<sup>2</sup>. Blad med stor overflate er truleg ein strategi for å holde annan vegetasjon unna. Kvitpestrot må ha open, forstyrra jord, utan konkurranse frå annen vegetasjon for å klare seg. Bløminga skjer difor svært tidleg om våren, i mars-april. Blada kjem seinare på sommaren. Planten kan ha kome til denne lokaliteten ved dumping av jord til vegskråninga. Kvitpestrot er raudlista fordi den er sjeldan og veksestaden (vegkantar) er utsett for inngrep. Attgroing med skog kan også vere eit trugsmål. Arten er elles kjent frå nokre få lokalitetar i Bergensområdet.

#### Registrerte raudlisteartar

Kvitpestrot *Petasites albus* (R)

#### Karakteristiske artar

Englodnegras <i>Holcus lanatus</i>	engsyre <i>Rumex acetosa</i>	tepperot <i>Potentilla erecta</i>
engkvein <i>Agrostis capillaris</i>	småsyre <i>Rumex acetosella</i>	myrtistel <i>Cirsium palustre</i>
smyle <i>Deschampsia flexuosa</i>	krushøymol <i>Rumex crispus</i>	kvitkløver <i>Trifolium repens</i>

#### Aktuelle trugsmål

Attgroing.

#### Aktuelle forvaltingstiltak

Sjå til at vegskråninga ikkje gror til med skog og kratt.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.06.2002

<b>Lokalitet</b>	36 Vågen	<b>Areal</b>	3,3 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kyst og havstrand	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

#### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Vågen ligg på sørvestsida av Bakkøyna og dannar eit havnebasseng med naust mm. Heilt inst i Vågen kjem det en bekk frå nord som drenerer gjennom eit lite sumpområde som grensar til sjøen. Lausmassane er finmateriale som sand og litt grus. Når høgvatnet kjem inn, blir vatnet ståande i dammar på grunn av flatt terreng og dårlig drenering. Vågen er godt beskytta, og det ligg ålegras, pollpryd og mykje tang utover sumpen.

I dei fuktige og dårlig drenerete partia er det store førekomster av pølstarr, gjerne saman med havstarr og fjøresivaks. Desse artane er karakteristiske i et brakt miljø. Pølstarr er ein nordleg strandplante, men er òg funnet på fleire andre strender i kommunen. Området er påverka av beite og trakk, noko som gir gjødsling og mykje slitasje på den helst lite slitesterke vegetasjonen. Lokaliteten er skilt frå beitemarka i vest med ein steingard. Marka aust for sumpen er tilplanta med tett granskog.

#### Karakteristiske arter

Pølstarr *Carex mackenziei*  
havstarr *Carex paleacea*  
musestarr *Carex serotina* ssp. *pulchella*  
slåttestarr *Carex nigra*  
rustsivaks *Blysmus rufus*  
fjøresivaks *Eleocharis uniglumis*

krypkvein *Agrostis stolonifera*  
fjøresaltgras *Puccinellia maritima*  
saltsiv *Juncus gerardii*  
strandkryp *Glaux maritima*  
saltbendel *Spergularia salina*  
strandkjempe *Plantago maritima*

strandstjerne *Aster tripolium*  
hanekam *Lychnis flos-cuculi*  
fjøresaulauk *Triglochin maritima*  
sverdlilje *Iris pseudacorus*  
ålegras *Zostera marina*  
pollpryd *Codium* sp.

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.06.2002

<b>Lokalitet</b>	37 Austre Vågen	<b>Areal</b>	2,8 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Skog	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi
<b>Undertype</b>	Gammal lauvskog (F07)		

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

På nordaustsida av Vågen ligg det ei bratt skråning ned mot sjøen. Skråninga består for det meste av rasmateriale frå berget ovanfor. Skogbotnen inneholder difor mest stein og blokker og helst lite jordsmonn. Eksponeringa er gunstig, vest og sørvest, noko som gir vekstgrunnlag for edellauvtre som eik og hassel. Osp er det vanlegaste tresalget i denne lia. Nokre av ospene er store, men dei fleste er yngre. Eik førekjem mest som busker og er truleg nokså ung i området. Dei eldste trea er nokre seljer som er uvanleg grovvokste, 60-70 cm i diameter. På dei gamle seljene veks det ein del epifyttar, og lungenever er spesielt iaugnefallande.

Vegetasjonen inneholder nokre urter, men ingen gode karakterartar for edellauvskog. Det er stadvis mykje gulaks og andre gras som indikerer kulturpåverknad, spesielt beiting. I sør grensar skogen til ei gammel kulturmark med jordnøtt som er i ferd med å gro att med osp og andre lauvtre.

Sjølv om trea ikkje er så veldig gamle, er dette ein sjeldan naturtype i Austrheim.

### Karakteristiske artar

Hassel <i>Corylus avellana</i>	skogfiol <i>Viola riviniana</i>	gulaks <i>Anthoxanthum odoratum</i>
osp <i>Populus tremula</i>	vivendel <i>Lonicera periclymenum</i>	hårfrytle <i>Luzula pilosa</i>
selje <i>Salix caprea</i>	gjerdevikke <i>Vicia sepium</i>	storfrytle <i>Luzula sylvatica</i>
eik <i>Quercus robur</i>	legeveronika <i>Veronica officinalis</i>	fagerperikum <i>Hypericum pulchrum</i>
brunrot <i>Scrophularia nodosa</i>	tveskjeggveronika <i>V. chamaedrys</i>	krattmjølke <i>Epilobium montanum</i>
stankstorkenebb <i>Geranium robertianum</i>	krossved <i>Viburnum opulus</i>	jordnøtt <i>Conopodium majus</i>
vendelrot <i>Valeriana sambucifolia</i>	lundrapp <i>Poa nemoralis</i>	lungenever <i>Lobaria pulmonaria</i>
blåknapp <i>Succisa pratensis</i>		

Registrert av Bjørn Moe

Dato 19.06. 2002

<b>Lokalitet</b>	38 Vest for bruа over Bakkøyvågen	<b>Areal</b>	2,9 da
<b>Hovudnaturtype</b>	Kulturlandskap	<b>Verdi</b>	C - lokal verdi

### Områdeskildring og grunngjeving for verdivurdering

Lokaliteten ligg på vestsida av bruа som kryssar Vågen på Bakkøyna. Den ligg oppå ein liten rygg som er avgrensa av sjøen på nordsida og vegen på sørsida. Lokaliteten er ingen typisk småbiotop slik desse er skildra i DN-handbok 13, men i vegetasjonen inngår ei rekke arter som er meir eller mindre knytte til kulturlandskapet, særleg tradisjonell slåttemark og beitemark. Det vart funne vestlandsvikke i området. Dette er ein art som truleg var meir vanleg i kommunen tidlegare. Arten vart ikkje registrert andre stader i Austrheim under denne kartlegginga. Arten har elles ei utbreiing knytt til ytre kyststrok og finst i kulturlandskapet, særleg i skogkantar og i bergskårer. Tilbakegangen skuldast truleg attgroing. Også på denne lokaliteten skjer det ei attgroing med buskar og tre, særleg bringebær, platanlønn, rogn, eik, bjørk og einer. Dette forringar verdien av lokaliteten som kulturlandskap.

### Karakteristiske arter

Raudsvingel <i>Festuca rubra</i>	blåknapp <i>Succisa pratensis</i>	kystgrisøyre <i>Hypochoeris radicata</i>
englodnegras <i>Holcus lanatus</i>	tveskjeggveronika <i>Veronica chamaedrys</i>	knollerteknapp <i>Lathyrus linifolius</i>
